

## EVALUERING AV SOGN OG FJORDANE TEATER

Sogn og Fjordane Teater (heretter kalla SoFt) vart etablert i 1977. Det har i dag 18 fast tilsette, fordelt på to scenekunstnarar (skodespelar og musikalsk leiar), seks i administrasjonen og ti i teknisk stab. Utanom dei fast tilsette engasjerer teatret mange frilans scenekunstnarar og folk med andre profesjonar som årleg utgjør mellom fem og sju årsverk alt etter kva teatret produserer. Teatret har ikkje eige hus, men leiger scene i Førde, der det òg har kontorstad og verkstader. Eit særtrekk ved teatret er at det arbeider særst aktivt med å presentere ny norsk dramatik, gjerne med ein regional vri. Det har gitt teatret ein nisjeposisjon mellom Riksteatret og Den Nationale Scene (DNS) i Bergen. Folk i Sogn og Fjordane har lett tilgang til desse teatra, som begge har eit anna repertoar enn SoFt (m.a. klassikarar, danseframsyningar, utanlandsk samtidsdramatik). Eit anna særtrekk ved SoFt er at det driv omfattande turnéverksemd i Sogn og Fjordane fylke.

### **1. Eit profesjonelt tilbod av teater-, opera-, danseframsyningar og andre scenekunstuttrykk over heile landet**

Det blir her gjort greie for SoFts resultat for ulike resultatindikatorar som gjeld formidling av scenekunst på eiga scene og på turné.

#### **1.1. Formidle scenekunst på eiga scene og på turné**

Resultata for ulike indikatorar blir presentert i tabellar, før dei blir kommentert.

##### **1.1.1 Totalt tal framsyningar**

| <u>Årstal</u> | <u>Framsyningar</u> |
|---------------|---------------------|
| 2008          | 186                 |
| 2009          | 180                 |
| 2010          | 139                 |
| 2011          | 270                 |
| 2012          | 176                 |

Talet på framsyningar svingar frå år til år. Under andre punkt (sjå m.a. 3.1.1) i rapporten blir det drøfta grundigare at vi har fleire knappe faktorar (økonomi, kapasitet på mannskap og scene, storleiken på produksjonane, overtid og kviletid på turné m.m.) som både avgrensar evna vår til å lage fleire produksjonar, og å spele fleire framsyningar av kvar produksjon. Det store avviket i evalueringsperioden er 2011, då vi hadde monologen *Du ana'kje* på turné. Den vart spelt nærare 100 gonger i klasserom for maksimalt 30 elevar.

##### **1.1.2 Tal framsyningar på eiga scene**

| <u>Årstal</u> | <u>Framsyningar på eiga scene</u> |
|---------------|-----------------------------------|
| 2008          | 27                                |
| 2009          | 31                                |
| 2010          | 12                                |
| 2011          | 15                                |
| 2012          | 31                                |

Som tabellen viser er teatret verkeleg *Sogn og Fjordane Teater*. Vi spelar få framsyningar på eiga scene i Førde (gjennomsnitt dei siste åra ca. 12,5 %, sjå tal framsyningar på turné

under punkt 1.1.3), og turnerer svært mykje. Det reflekterer fylket som speleområde. Førde kommune er den største i fylket, med eit folketal på ca. 13 000.

### 1.1.3 Tal framsyningar på turné i Norge

| <u>Årstal</u> | <u>Framsyningar på turné</u> |
|---------------|------------------------------|
| 2008          | 159                          |
| 2009          | 149                          |
| 2010          | 127                          |
| 2011          | 255                          |
| 2012          | 145                          |

Dei andre byane og tettstadane av ein viss storleik (Eid, Florø, Høyanger, Måløy, Sogndal, Stryn, Årdal) er alle små i norsk målestokk, der berre ein av dei (Florø) har eit folketal over 10 000.

Det betyr at publikumsgrunnlaget ikkje er stort nok til meir enn ei framsyning på kvar spelestad, med mindre vi kjem med noko som er ekstra underhaldande eller interessant, og difor i beste fall gjer at vi kan spele to gongar på same stad. Regelen er at vi må reiser vidare til neste plass etter ei framsyning, uavhengig av om det er ein større tettstad, eller ei mindre bygd. Røynsla vår er at oppslutninga frå publikum er relativt større på dei mindre stadane, der teater og andre kulturtilbod er vesentleg færre enn på dei større stadane, som dessutan har kulturhus med sala med 300-500 seter.

Kulturhusa på dei større stadane har eit like stort tilbod av konsertar, teater (m.a. Riksteatret) og andre kunst- og kulturopplevingar som det større byar andre stader i Norge har. Det gir SoFt sterk konkurranse om tida og pengane folk vel å bruke på kunst og kultur.

I tillegg til eit lite publikumsgrunnlag, er avstandane store mellom spelestadane, gjerne med ferjer og fjellovergangar. Med få unntak må medverkande og teknisk mannskap ligge på hotell under turneane, noko som gjer turneane ekstra dyre.

### 1.1.4 Tal framsyningar i utlandet

SoFt har ikkje vist framsyningar i utlandet i evalueringsperioden.

### 1.1.5 Tal gjestespel

| <u>Årstal</u> | <u>Gjestespel</u> |
|---------------|-------------------|
| 2008          | 1                 |
| 2009          | 4                 |
| 2010          | 1                 |
| 2011          | 4                 |
| 2012          | 3                 |

Mottak av gjestespel har variert frå eitt i året enkelte år, til fire andre år. Gjestespel blir gjerne avtalt minst eitt år i førevegen. Det heng m.a. saman med budsjettsituasjon og kapasitet på tekniske personell, tilgang til scene og høve til å sende gjestespelet på turné. Det siste har vist seg å vere krevjande i fleire høve, både når det gjeld å sende mannskap ut, og å få marknadsført gjestespelet på stadig nye turnéstader. Dei fleste gjestespela har difor vore spelte i Førde.

Tilskotsbrevet oppmodar teatret om samarbeid med det frie scenekunstheltet, noko vi har gjort ved fleire høve, som vist nedanfor. Gjestespel er ein annan måte å samarbeide på, i den forstand at dei som gjester teatret (som oftast frie grupper) får

tilgang til teatrets infrastruktur, dvs. scene, sal, teknisk utstyr, teknisk personale og marknadsføringsapparat.

### 1.1.6 Tal transmisjonar

SoFt har ikkje gjort transmisjonar i evalueringsperioden.

### 1.1.7 Tal publikum i Den kulturelle skulesekken (DKS) - grunnskulen

| Årstal | Framsyingar i DKS | publikum grunnskulen |
|--------|-------------------|----------------------|
| 2008   | 0                 | 0                    |
| 2009   | 0                 | 0                    |
| 2010   | 0                 | 0                    |
| 2011   | 49                | 4 089                |
| 2012   | 0                 | 0                    |

Sjå samla kommentar om SoFts forhold til DKS under punkt 1.1.8.

### 1.1.8 Tal publikum i Den kulturelle skulesekken (DKS) – vidaregåande skule

| Årstal | Framsyingar i DKS | publikum vidaregåande skule |
|--------|-------------------|-----------------------------|
| 2008   | 0                 | 0                           |
| 2009   | 0                 | 0                           |
| 2010   | 0                 | 0                           |
| 2011   | 49                | 447                         |
| 2012   | 0                 | 0                           |

I Sogn og Fjordane er DKS organisert som ein del av kulturavdelinga til fylkeskommunen. Som einaste profesjonelle teater i Sogn og Fjordane – og eitt av tre profesjonelle nynorskteater i landet – hadde SoFt eit godt og naturleg samarbeid med DKS frå første stund. SoFt laga framsyingar og DKS tok i mot dei. Heilt fram til 2006 fungerte det som ei uskriven avtale at teatret hadde det kunstnariske ansvaret, medan DKS hadde det administrative ansvaret.

I 2006 laga SoFt *Magiske historier* av Renata Allen, eit stykke for dei minste borna. I nokre av scenene heitte rollefigurane smådjevlar og sjefsdjével. Djevlane såg med meining skremmande ut, hadde horn i panna og gjorde grimasar som høvde godt til karakterane. Djevenscenene var utstyrt med dunkelt lys og lydar fylt av spenning og frykt. *Magiske historier* vart sensurert av DKS i Sogn og Fjordane ut frå ei kvalitetsvurdering gjort av dei som jobba der. I følgje denne vurderinga virka stykket støytande og skremmande på elevane, og nemningane smådjevlar og sjefsdjével vart vurdert som bannord. Året før hadde SoFt ein diskusjon med DKS om ein tittel, *Food for faen* av Rolf Losnegård. Teatret vart innstendig bede om å byte tittel, eller i det minste ta vekk bannordet, men vi stod på vårt. Turneen vart gjennomført, truleg fordi produksjonen allereie var seld til skulane.

Denne situasjonen førte til at det blei vanskeleg å samarbeide med DKS. Administrasjonen i DKS ville sjå det vi laga før dei bestemte seg, ein struktur teatret ikkje kan leve med, sidan det har normal prøvetid på åtte veker og ein turnéperiode på ca. ein måned. Tabellen over speglar situasjonen i 2006-2010. I 2011 kom teatret og DKS nærmare kvarandre att i eit samarbeid om å turnere *Få meg på for faen* av Olaug Nilssen, eit svært vellukka samarbeid, som involverte ei innføring for lærarane på førehand, eit pedagogisk opplegg og ei evaluering i etterkant. Tilbakemeldingane var svært gode frå elevar, lærarar og dei tilsette i DKS.

I dag er samarbeidet rimeleg godt sett med våre auge, sjølv om vi framleis meiner at eit profesjonelt teater som spelar på vestnorsk, med grunnlag i nynorske tekstar, burde ha det kunstnariske ansvaret for alt teater som skal inn i DKS i Sogn og Fjordane. Våren og hausten 2013 skal SoFt vise to ulike produksjonar i DKS.

Dersom SoFt ikkje kjem inn i DKS, må teatret gi vekk stykke gratis til skulane. Marknaden er stengt i og med at pengane er låste til tilbodet som kjem nettopp frå DKS, og gratisprinsippet gjeld for teaterframsyningar som for andre tilbod i skuletida.

## **1.2 Andre indikatorar som kan gi eit meir dekkande bilete**

Indikatorane ovanfor gir eit godt bilete av aktiviteten til teatret på enkelte område, og gir teatret høve til å reflektere rundt resultatata det oppnår.

Tala seier lite om måloppnåinga er god, middels eller dårleg, sidan dei ikkje står i høve til noko. Grad av måloppnåing kan aldri målast ut frå tanken om dess fleire framsyningar, dess betre. Det viktige er om vi oppnår å gjennomføre det vi har planlagt å gjere, med dei kunstnariske resultatata vi ønskte, og med kostnader og inntekter i samsvar med budsjett.

Tala gjer greie for kor mykje teatret turnerer, men dei fortel ikkje kor mykje det kostar å drive ei så omfattande turnéverksemd, som blir gjort nettopp for "plukke" publikum der dei bur. Vi kan ut frå røynsle ikkje vente at særleg mange av innbyggjarane i Sogn og Fjordane vil køyre særleg langt for å sjå teater. Dei er trass alt blitt vande med at vi kjem til dei med teater.

## **1.3 Samproduksjonar og samarbeid med andre scenekunstinstitusjonar og grupper.**

Tabellen i punkt 1.1.5 som viser tal gjestespel SoFt har motteke, fortel ingenting om samarbeid med andre scenekunstinstitusjonar og grupper. Denne verksemda står vanlegvis omtalt i sjølve årsmeldinga. Ei oppstilling over SoFts samproduksjonar og samarbeid utanom gjestespel ser slik ut:

| <u>Årstal</u> | <u>Samarbeid og samarbeidsproduksjonar</u> |
|---------------|--|
| 2008          | 5  |
| 2009          | 3  |
| 2010          | 2  |
| 2011          | 4  |
| 2012          | 4  |

Tala seier ikkje så mykje om kven vi har samarbeidd med, og kva samarbeidet har gått ut på. Det er vist nedanfor.

2008:

*Gokk* av Maria Tryti Vennerød (frigruppa Gokk)

*Rekneprinsen* av Erna Osland (Førde Internasjonale Folkemusikkfestival)

*"Kinnaspelet"* – *Songen ved det store djup* av Rolf Losnegård (Kinnaspelekomiteen)

*Kulde* av Lars Norén (DNS og Hordaland Teater)

*Simons historie* av Stig Amdam (DNS og Hordaland Teater)

2009:

*Kulde* av Lars Norén (DNS og Hordaland Teater)

*Simons historie* av Stig Amdam (DNS og Hordaland Teater)

*"Kinnaspelet" – Songen ved det store djup* av Rolf Losnegård (Kinnaspelekomiteen)

2010:

*Døden* av Mick Gordon og Marie de Hennezel (Bergen Friteater (sjekk namn) og DNS)

*"Kinnaspelet" – Songen ved det store djup* av Rolf Losnegård (Kinnaspelekomiteen)

2011:

*"Kinnaspelet" – Songen ved det store djup* av Rolf Losnegård (Kinnaspelekomiteen)

*Få meg på for faen* av Olaug Nilssen (Hordaland Teater)

*Delfinen* av Gunilla Linn Persson (Hordaland Teater)

*Urmakarens hjarte* av Miriam Prestøy Lie (Frigruppa Sandsund/Lie Teaterproduksjoner)

2012:

*"Kinnaspelet" – Songen ved det store djup* av Rolf Losnegård (Kinnaspelekomiteen)

*Sirkus Saragossa* av Camilla Hübbe (Hordaland Teater)

*Susanna frå Sunnfjord* av Jorunn Torsheim og Erlend Samnøen (Jorunn Torsheim og Åmot Operagard)

*Urmakarens hjarte* av Miriam Prestøy Lie (Frigruppa Sandsund/Lie Teaterproduksjoner)

Oversikta viser at vi samarbeider med Kinnaspelekomiteen om Kinnaspelet kvart år. SoFt har vore kunstnarisk ansvarleg for spelet frå starten i 1985 og ser på det som ein viktig del av identiteten til teatret. Ansvarer inneber m.a. å finne profesjonelle skodespelarar og musikarar til dei fem hovudrollene og til orkesteret. Regissøren blir bytta ut kvart tredje år. Teatret stiller med inspisient og sminkør. Dei siste åra har teatret òg prioritert å heve enkelte sider ved spelet, m.a. musikken, lyden, scenografien og kostyma. I 2013 blir koreografien prioritert. Samarbeidet kostar ca. kr 500 000 kvart år, og publikumstalet varierer mellom 1 500 til 2 500 alt etter om vêret er godt eller dårleg, og om det har skjedd noko nytt i spelet som publikum er nysgjerrige på. Om vi ser isolert på kostnad og publikumstal, er Kinnaspelet kanskje det mest "lønsame" prosjektet SoFt deltek i kvart år.

Oversikta viser elles at SoFt dei siste åra har knytt seg nærmare til Hordaland Teater (HoT). Det er naturleg sidan HoT ligg i nabofylket, det har vedtektsfesta nynorsk scenespråk og det skal lage produksjonar for born og unge som skal på turné. Alt ligg til rette for samarbeid med eit teater med ei slik innretting. Det gir SoFt høve til å lage produksjonar for vaksne som kan spelast i Hordaland, samstundes som det tek i mot HoTs produksjonar i Sogn og Fjordane.

Av alle samarbeidspartnarane i evalueringsperioden er seks av dei ulike frie grupper. Fleire av prosjekta har blitt til etter at dei frie gruppene har teke kontakt med ei prosjektskildring. Dei har halde på den kunstnariske fridomen i prosjektet og teatret har bidrege med teknisk tilrettelegging, administrasjon og turné. Slike samarbeid kan vere svært krevjande. To ulike kulturar møtest, og det er ikkje alltid dei forstår kvarandre, m.a. når det gjeld arbeidstid, bruk av ulike ressursar, turnéverksemd m.m.

I perioden 2013-2015 er det gjennomført og planlagt ni samarbeid som involverer tre frigrupper og fem ulike institusjonsteater.

Vi meiner at samarbeid er nødvendig fordi det kan gi fordelar, både når det gjeld økonomi og ønske om å nå eit større publikum. På den andre sida er røynsla at

samarbeid er svært krevjande. Det går ikkje alltid som vi planlegg, verken kunstnarisk, økonomisk eller teknisk.

I byrjinga av evalueringsperioden var teatret ivrige etter å samarbeide med flest mogleg. Det vart knytt mange kontaktar, samstundes som vi var medvitne om at samarbeidet måtte vere godt forankra både kunstnarisk og økonomisk. Etter kvart har teatret blitt meir kritiske til samarbeid. Vi må stille spørsmål om kvifor vi skal samarbeide med andre, og kvifor vi vil at andre skal samarbeide med oss.

Er det fordi det kunstnariske resultatet blir betre enn om vi gjer det åleine? Det er det ideelle målet. Er det fordi det vil gi produksjonen eit større publikum? Det er òg eit legitimt mål. Eller er det fordi det er strategisk viktig av andre årsaker, t.d. fordi det vil sjå bra ut i årsmeldinga, for å tekkjast Kulturdepartementet og politikarane? Det er ikkje fullt så edle motiv.

Dessutan må vi stille oss spørsmålet om samarbeid gir oss meir mangfoldig teater eller om vi berre får det same teatret, men for fleire folk. Kvifor er det så viktig å vise ein produksjon i to fylke i staden for berre i eitt? Vi må stille spørsmål om kva for følgjer samarbeidet kan få for særpreget til teatret, om den kunstnariske profilen vil falme når ein produksjon står på repertoaret til eit anna teater.

Det er viktig at det er balanse i forholdet mellom dei som samarbeider. Det kan vere balanse i interesse for prosjektet, i kultur, i kunstsyn, i storleiken på dei ulike partane med omsyn til økonomi. Det kunstnariske resultatet kan lide, dersom dei kunstnariske vala blir gjort som kompromiss, t.d. om teksten, val av regissør og scenograf og medverkande og om bruk av ressursar. Og kva skjer om partane blir usamde? Det er viktig med gode kontrakter, og det har ikkje SoFt alltid hatt. Her har teatret eit stort forbedringspotensial.

Sett i eit større perspektiv er det usikkert om samarbeid vil føre til betre og meir kunst for fleire. Når teatret bruker ressursar på ein samarbeidsproduksjon, vel det vekk å gjere noko anna. Dei medverkande som er involvert i ein produksjon som får ei lengre levetid enn normalt, er òg forhindra i å delta i andre prosjekt.

Til sjuande og sist er det resultatata av samarbeid som tel, og her har ikkje SoFt vore gode nok til å evaluere i etterkant. Vi har ikkje full oversikt over om vi har tent eller tapt økonomisk på å samarbeide, og det er vanskeleg å peike på om vi har laga betre kunstnariske produksjonar dei gongane vi har samarbeidd. Det viktigaste er kanskje at vi har lært av prosessane, kva som har fungert og kva som ikkje har fungert, og slik står betre rusta til å samarbeide i framtida.

Oppsummert kan fordelane med samarbeid vere større publikum, betre økonomi, betre utnytta felles ressursar, lengre speletid, frie grupper får tilgang til institusjonen sine ressursar og generell goodwill frå interessentar i omgivnadene (politikarar, pressa, opinionen, frie grupper m.fl.). I tillegg til ulempene som er drøfta ovanfor, kan samarbeid føre til meir press på administrative ressursar og auka kostnader på enkelte felt (reisekostnader, tariffesta vilkår som slår inn når medverkande må flytte på seg m..m).

#### **1.4 Teatrets skildring av eige bidrag når det gjeld det overordna målet om tilbod over heile landet.**

I vedtektene til SoFt står det i § 1 at formålet til teatret m.a. er å "...å drive teaterverksemd i Sogn og Fjordane fylke. Det kan også spele i andre fylke som lekk i utvekslingsprogram med andre teater". SoFt er trufast mot denne delen av vedtektene, og har difor ikkje tilbod "over heile landet". Teatret spelar gjerne i Oslo, i Bergen og andre stader, men då skal det skje fordi det anten er ein del av eit samarbeid, eller fordi

det fins gode grunnar til det (innhaldet i stykket tilseier det, eller det blir gjort som ein del av profileringa av teatret).

Om vi tolkar overskrifta for dette punktet snevrare, og kallar det "...tilbod over heile Sogn og Fjordane", viser vi til punkt 1.1.2 og 1.1.3 som omhandlar framsyningar på eiga scene og på turné. Der går det fram at teatret bidreg sterkt til nå ut til så mange stader i Sogn og Fjordane som det finn forsvarleg innanfor dei økonomiske rammene det har.

### **1.5 Teatrets analyse og vurdering av utviklinga.**

Tabellane under punkta 1.1.1 – 1.1.3 viser at utviklinga har vore nokolunde stabil med omsyn til kor mange framsyningar teatret spelar totalt, kor mange som blir spelt på eiga scene, og kor mange som blir vist på turné. Slått saman, ser biletet slik ut:

| Årstal | Framsyningar totalt | Eiga scene | Turné |
|--------|---------------------|------------|-------|
| 2007   | 157                 | 22         | 135   |
| 2008   | 186                 | 27         | 159   |
| 2009   | 180                 | 31         | 149   |
| 2010   | 139                 | 12         | 127   |
| 2011   | 270                 | 15         | 255   |
| 2012   | 176                 | 31         | 145   |

Dei to åra som avvik mest i kvar retning er 2010 og 2011. I 2010 hadde vi ein produksjon som etter at han vart sendt på turné fekk nærmare ti avlysingar pga. sjukdom hos ein av dei medverkande. I 2011 hadde vi ein monolog som vart spelt ca. 100 gongar i klasserom rundt om i fylket. Om vi korrigerer for desse to faktorane, ser vi at teatret spelar ein stad mellom 150 og 180 framsyningar i året, noko som er normale svingingar ut frå storleiken på produksjonane, som igjen påverkar storleiken på turneane. SoFt opererer med tre typar turnear; store, mellomstore og små turnear. Dei store turneane går til rundt 16-18 stader, mellomstore til 12-14 stader og små til 8-10 stader. Dimensjonen blir bestemt ut frå kva appell vi trur produksjonane vil ha ("breitt" eller "smalt" publikum).

Trass i at det ikkje har vore store endringar i evalueringsperioden, ser teatret at det får store utfordringar når det gjeld å oppretthalde eit totalt tal framsyningar på dette nivået i framtida. Det vil først og fremst gå ut over framsyningar på turné, som er ein av dei største kostnadsdrivarane til teatret. Årsaka til denne utviklinga ligg fleire stader. For det første har teatret valt å utvide den faste staben med to stillingar dei siste to åra, ein på teknisk avdeling knytt til lyd og audio-visuelle verkemiddel og ein marknadsrådgivar.

Vala er gjort for at teatret skal vere i stand til å møte stadig strengare krav til denne typen teknikk i produksjonane, og ønsket til teatret om å arbeide meir aktivt for å bygge opp ein sterkare relasjon til publikum. Ei anna årsak til at vi planlegg å redusere tal framsyningar, er at det blir meir og meir krevjande for den tekniske staben å turnere innanfor det tariffesta turnéreglementet (køyretid, riggetid, speletid, kviletid), særleg fordi staben blir eldre for kvart år som går. Ein konsekvens av denne utviklinga er m.a. at vi i sterkare grad må planlegge og stille krav til scenografar, kostymedesignarar, lysdesignarar og regissørar om m.a. speletid, tal lyskastarar, storleiken på scenografien og kompleksiteten i kostymene.

Utviklinga i retning av meir samarbeid ser vi på som positiv, men vi er klar over fallgruvane som vi har gjort greie for under punkt 1.3. Om vi greier å manøvrere klokt i høve desse, kan vi tene på samarbeid, både kunstnarisk, økonomisk og i tal publikum.

## **2. Høg kvalitet gjennom utvikling og fornying**

Det blir her gjort greie for SoFts resultat for ulike resultatindikatorar som gjeld høg kvalitet gjennom utvikling og fornying.

### **2.1. Eit allsidig repertoar**

Resultata for ulike indikatorar blir presentert i tabellar, før dei blir kommentert.

#### **2.1.1 Totalt tal produksjonar**

| <u>Årstal</u> | <u>Produksjonar</u> |
|---------------|---------------------|
| 2008          | 10                  |
| 2009          | 11                  |
| 2010          | 8                   |
| 2011          | 11                  |
| 2012          | 10                  |

Tabellen viser at SoFt ligg stabilt på åtte til elleve produksjonar årleg. Under andre punkt (sjå m.a. 3.1.1) i rapporten blir fleire faktorar drøfta (økonomi, kapasitet på mannskap og scene, storleiken på produksjonane, overtid og kviletid på turné m.m.), faktorar som påverkar kor mange produksjonar vi er i stand til å lage i løpet av eitt år.

#### **2.1.2 Tal eigenproduksjonar**

| <u>Årstal</u> | <u>Eigenproduksjonar</u> |
|---------------|--------------------------|
| 2008          | 5                        |
| 2009          | 6                        |
| 2010          | 7                        |
| 2011          | 6                        |
| 2012          | 4                        |

SoFt har mellom fire og sju eigenproduksjonar i året. Kor mange eigenproduksjonar teatret lagar, er avhengig av storleiken på produksjonane og i kva grad vi samarbeider og hentar produksjonar frå andre som vi turnerer i vårt område. Storleiken blir definert av kor mange medverkande som er på scena og kor krevjande produksjonen er (t.d. ekstra kunstnarisk personale i form av t.d. koreograf, lyddesign, lysdesign, og storleik på scenografi og rigg som gjer det meir utfordrande å turnere med omsyn til riggetid).

#### **2.1.3 Tal uroppføringar**

| <u>Årstal</u> | <u>Uroppføringar</u> |
|---------------|----------------------|
| 2008          | 2                    |
| 2009          | 4                    |
| 2010          | 3                    |
| 2011          | 3                    |
| 2012          | 2                    |

Strategien for repertoar og det kunstnariske arbeidet blir forklart nedanfor, men denne tabellen viser at vi i snitt har sett opp ca. tre uroppføringar kvart år. Det er i samsvar



med målet om å utvikle stykke som har rot i vår eigen identitet, der vi bruker dramatikarar frå det vestnorske (og nynorske) området, og arbeider med stoff herifrå (om rånemiljøet, om ei myteomspunne hending frå krigen, om ein gut som vart mobba på ein skule i fylket, om ein kjend salmediktar og predikant o.a.). Mellom 2004 og 2015 er målet at det skal ha vore sett opp over 30 urframføringar eller andregongsoppføringar ved SoFt. Desse stykka fordeler seg nokolunde likt mellom stykke som dramatikarar presenterer til oss, og stykke som er reine tingingsverk.

Det står ingenting om uroppføringar i verken vedtekter, tilskotsbrevet frå Kulturdepartementet eller forventningsbrevet frå den største eigaren vår, Sogn og Fjordane fylkeskommune. Likevel meiner vi at det m.a. frå politisk hald blir vurdert som positivt at teatret har ein eller fleire urpremierar i løpet av året. Det at vi blir bedne om å rapportere om det, er ein indikasjon på at det er viktig. Ei anna signal om at arbeid med uroppføringar er viktig, er at SoFt har motteke Heddaprisen for særleg fagleg/kunstnarisk innsats to gonger sidan 2006. Den første gongen fekk teatret prisen for *Saman skal vi leve*, eit stykke som handla om det som skjedde med Arve Beheim Karlsen, ein ung adoptert gut som døydde i Sogndalselva i 1999. Han blei jaga mot elva, og hadde i lang tid før hendinga blitt utsett for mobbing. Den andre gongen, i 2010, fekk teatret prisen for å ha arbeidd aktivt med ny norsk dramatik over fleire år. Teatret mottok òg prisen Håndtrykket av Norske Dramatikeres Forbund for innsatsen med å setje opp ny norsk dramatik i 2007.

Trass i at vi opplever at dei fleste meiner det er viktig og meningsfullt å arbeide med ny norsk dramatik, har urpremierestøtta forsvunne heilt. I starten av evalueringsperioden var refusjonen frå Norsk Kulturråd kr 60 000 for eit heilaftens stykke og kr 30 000 for ein einaktar. Året etter at potten som gjekk til refusjon gjekk inn i finansieringa av Dramatikkens hus, fekk SoFt ein eingongssum på kr 200 000 i tilskotsbrevet. Dei siste åra har teatret "tapt" ca. kr 180 000 årleg på ikkje få refusjon for uroppføringane. Det utgjør om lag fem månadsverk for ein skodespelar, altså ein ikkje ubetydeleg sum for SoFt.

Arbeidet med å utvikle ny norsk dramatik blir kommentert meir under punkt 2.4.

#### **2.1.4 Tal produksjonar av norsk samtidsdramatik frå dei siste 15 åra**

| <u>Årstal</u> | <u>Norsk samtidsdramatik</u> |
|---------------|------------------------------|
| 2008          | 6                            |
| 2009          | 6                            |
| 2010          | 4                            |
| 2011          | 6                            |
| 2012          | 9                            |

Tabellen understrekar kommentaren under punkt 2.1.3. Teatret har dei siste åra konsentrert seg om ny norsk dramatik. Denne tendensen vil bli kommentert nedanfor under punkt som vedkjem strategien for repertoar, kunstnariske val og forholdet vårt til publikum. Ut frå dei røynsleane vi har i dag, vil vi i mindre grad tore å satse på utanlandsk samtidsdramatik, med mindre vi har ein klar plan for at det vil bli spelt for eit på førehand bestemt publikum av ein viss storleik. Dvs. ikkje som opne framsyningar, men t.d. i DKS eller selt til barnehagar, eldrecenter el.l. på førehand.

### **2.1.5 Tal produksjonar av utanlandsk samtidsdramatikk dei siste 15 åra**

| <u>Årstal</u> | <u>Utanlandsk samtidsdramatikk</u> |
|---------------|------------------------------------|
| 2008          | 1                                  |
| 2009          | 1                                  |
| 2010          | 1                                  |
| 2011          | 2                                  |
| 2012          | 0                                  |

Ved nokre få høve har vi sett opp stykke av utanlandske dramatikarar. Vi vurderer det kunstnariske resultatet som godt i alle høva, men publikum har vist svært lita interesse i produksjonane.

### **2.1.6 Tal produksjonar av norsk samtidsdramatikk retta mot born og unge**

| <u>Årstal</u> | <u>Norsk samtidsdramatikk retta mot born og unge</u> |
|---------------|--|
| 2008          | 3  |
| 2009          | 5  |
| 2010          | 1  |
| 2011          | 4  |
| 2012          | 3  |

Denne tabellen viser den same tendensen som over. Storparten av SoFt sine produksjonar er norsk samtidsdramatikk, og fleire av stykka kvart år (med unntak av 2010) høver for born og unge.

### **2.1.7 Tal produksjonar av ny norsk koreografi**

SoFt har årleg hatt ein eller fleire musikkteaterproduksjonar der koreografi har vore ein del av det kunstnariske uttrykket, men ikkje i ei slik grad at vi meiner det skal rapporterast som "ny (...) koreografi".

Ut frå det som står i vedtektene, tilskotsbrevet og forventningsbrevet, har vi ikkje vurdert det som ei eiga prioritert oppgåve verken å lage reine danseproduksjonar eller å hente inn gjestespel frå dansekompani.

### **2.1.8 Tal produksjonar av ny utanlandsk koreografi**

Teatret har ikkje hatt produksjonar med ny utanlandsk koreografi i evalueringsperioden (sjå elles kommentar under punkt 2.1.7).

### **2.1.9 Omtale av dei kvalitetar ved SoFt som best uttrykker kunstnarisk eigenart og strategiar for å vidareutvikle den**

I evalueringsperioden har SoFt hatt denne visjonen (utvikla av dei tilsette og styret):

*Vi skal røre folk med opplevingar dei ikkje har hatt før.*

Visjonen er tufta på tre kjerneverdier:

*Engasjerande, inkluderande og modig.*

Dei overordna måla til SoFt (frå vedtektene):

- A. Produsere og spele framsyningar primært for publikum i Sogn og Fjordane.
- B. Allsidig tilbod som når publikum i alle aldrar.
- C. Bruk av nynorsk målform eller målføre, og/eller dialektar.
- D. Fremje og stimulere amatørteaterverksemda og teaterlivet elles i fylket.

Teatersjefens mål for den kunstnariske profilen er:

- I. Eit utfordrande repertoar som er politisk engasjerande (vi ønskjer å gi dei uhøyrde stemmene ei røyst).
- II. Eit repertoar som framstiller og utfordrar den vestnorske identiteten gjennom å spele stykke skrivne på nynorsk, om tema og stoff som har røter i eller vedkjem folk i regionen, med skodespelarar som bruker eit vestnorsk scenespråk.
- III. Samarbeid med andre for å styrke kvaliteten, og for å få vist stykka fleire stader.

Sentralt i det kunstnariske prosjektet står utvikling og oppføring av ny norsk dramatik.

Det SoFt har gjort i evalueringsperioden er i tråd med visjonen, verdiane, dei overordna måla og måla for den kunstnariske profilen. Teatret har sett opp 12 uroppføringar, vist nedanfor:

| Årstal | Tittel            | Dramatikar  |
|--------|-------------------|---|
| 2008   | To skilte menn    | Maria Lundberg, Roger Hilleren og Fredrik Steen   |
| 2009   | Hyttekoz          | Hans Sande  |
| 2009   | Simons historie   | Stig Amdam  |
| 2009   | Burn baby, burn   | Karen Røise Kielland                              |
| 2009   | Ishuset           | Marit Tusvik                                      |
| 2010   | Matias Orheim     | Mette Brantzeg og Norvald Tveit                   |
| 2010   | Du ana'kje        | Aslak Moe   |
| 2010   | Tyl               | Bodil Kvamme*                                     |
| 2011   | Brenningmysteriet | Otto Homlung                                      |
| 2012   | Absolutt Per      | Rolf Losnegård, Bodil Kvamme og Ola B. Johannesen |
| 2012   | Urmakarens hjarte | Miriam Prestøy Lie                                |
| 2012   | Sirkus Saragossa  | Camilla Hübbe                                     |

\*=Dramatisering av Halvor Folgerø og Finn Tokvams roman Tyl

Ved å setje opp så mange nye stykke, er vi i alle høve sikre på at publikum i samsvar med visjonen får opplevingar dei ikkje har hatt før. Om dei er blitt rørt, er ei anna sak.

Som nemnt tidlegare spelar SoFt framsyningar primært for publikum i Sogn og Fjordane med eit allsidig repertoar som spenner frå barneteater og musikkteater (i ein underhaldande sjanger), til drama med politisk brodd (sjå døme nedanfor). Teatret bruker mykje tid og ressursar på scenespråket, ut frå oppfatninga om at det hjelper ikkje kor høg kvalitet alle andre deler av ein produksjon har, om språket er svakt. Vi er nøyddde til å halde denne fana høgt, òg fordi dei aller fleste medverkande har eit anna scenespråk (som oftast austnorsk) enn det vestnorske.

Vi meiner vidare at teatret har lukkast kvart år i å setje opp stykke som er utfordrande tematisk, stykke som gjerne kan kallast politisk engasjerande. Døme på det er *To skilte*

*menn* (om mannsrolla), *Simons historie* (om FN-soldatar som kjem heim etter utanlandsteneste med psykiske vanskar), *Burn baby, burn* (om rånarar), *Du ana'kje* (om mobbing) og *Brenningmysteriet* (om tyskarjentene).

Vi meiner òg at repertoaret i sterk grad har framstilt og utfordra den vestnorske identiteten gjennom stykka som har tema og stoff frå Vestlandet, m.a. i *Ishuset*, *Matias Orheim*, *Du ana'kje*, *Tyl* og *Brenningmysteriet*.

Punkt 1.3 viser at SoFt samarbeider relativt mykje med andre institusjonar og grupper. Tema er drøfta inngåande under punkt 1.3.

Den delen av måla som teatret i lita eller inga grad når er punktet som seier at det skal fremje og stimulere amatørteaterverksemda og teaterlivet elles i fylket. SoFt hadde ein amatørteaterkonsulent tilsett til 2005. Då vedkomande sa opp stillinga si, valde teatret ikkje å tilsette ny. Det er teatersjefens meining at det ikkje er ein del av kjerneverksemda til teatret å drive slikt arbeid. Det er ein aktivitet som ikkje er nemnt i andre dokument som er styrande for teatret. Det vesle vi gjer for amatørteaterrørsla i fylket er å gi råd på førespurnad og å leige ut teknisk utstyr.

Til grunn for val av repertoar i den retninga som er vist ovanfor, er tanken om at eit regionteater må ta utgangspunkt i kvar det ligg. Vi trur at kvar stad har sitt særpreg, nærast eit lynne, og vi har prøvd å lytte oss fram til Sogn og Fjordane sitt lynne, eller eit vestnorsk lynne. Vi trur det ligg i språket, i geografien og topografien, i den grisgrendte busetnaden, i naturen og i klimaet. Det finst ein annan røyndom her enn i det urbane, og den ønskjer vi å forske i.

For å løyse oppgåvene kunstnarisk, arbeider SoFt på same måte som dei fleste andre teater. Vi engasjerer profesjonelle krefter innanfor dei ulike profesjonane som skal til, og designar prosjekta ut frå kven vi trur best kan løyse dei, samstundes som det sjølvsgatt ligg avgrensingar her med omsyn til kven som er ledige til ei kvar tid.

Teatersjefen har ansvaret for repertoaret. Den nærmaste kunstnariske rådgivaren er dramaturgen, som er tilsett i 25 % stilling. Vi vurderer det som kjem inn frå andre, alt frå idear, prosjektskildringar og synopsis, til ferdige manuskript. Vi tek imot idear frå folk i og utanfor organisasjonen og vi har egne idear som vi testar ut. I løpet av året blir andre ved teatret, særleg økonomidirektør, produksjonsleiar og informasjonssjef involvert, slik at vi får sett dei ulike prosjekta inn i ei årsramme som både viser kva som er teknisk mogleg å få til og kva vi har budsjett til. Repertoaret ut 2015 (ut teatersjefens åremål) er lagt i grove trekk allereie, og følgjer retningslinjene som er omtalt her.

## **2.2 Andre indikatorar som kan gi eit meir dekkande bilete**

Indikatorane ovanfor gjer synleg kor mange produksjonar teatret lagar eller tek i mot, men dei seier i dette høvet òg lite om måloppnåinga er god, middels eller dårleg.

Det same gjeld for urpremierar. Er det god, middels eller svak måloppnåing at teatret har hatt mellom rundt tre urpremierar årleg på norsk dramatik dei siste fem åra? Kva har det gått på kostnad av? Teatret har med ei slik satsing m.a. valt vekk å spele klassikarar, både av norsk og utanlandsk dramatik.

Under punkt 2.1.9 presenterer vi visjon, verdiar og mål – og korleis vi har arbeidd for å møte desse. Det vi ikkje får vist er kva som er handlingsrommet vårt, det som gjer at vi ikkje kan lage fleire produksjonar, spele fleire framsyningar, oppnå eit endå betre kunstnarisk resultat, ha med fleire medverkande på scena osb.

Det er ikkje først og fremst dei økonomiske rammene som er interessant å drøfte her. Tilskotet har nådd eit nivå som eit regionteater alt i alt skal seie seg godt nøgd med. Det er meir interessant å drøfte kva for rammevilkår vi har når det t.d. gjeld tilgang til

kunstnariske krefter og kostnader knytt til det, utfordringane teatret har med å drive ei omfattande turnéverksemd, avgrensingar i scene (både eiga scene og på turné) og teknisk og administrativ kapasitet. Desse rammevilkåra er særskilte for SoFt.

Dei fleste profesjonelle scenekunstnarane bur i Oslo. Det er vanskeleg å seie noko om dei scenekunstnarane som held høgst kvalitet òg har lyst til å arbeide ved eit lite regionteater. Vi får stort sett ja frå dei regissørar og scenografar vi vil ha på dei ulike prosjekta, så det ikkje ut til at nokre veker i Sogn og Fjordane skremmer vekk scenekunstnarar med interessante cv-ar. Vårt inntrykk er at enkelte skodespelarar berre vil vere i Oslo, medan andre gjerne vil ut for å oppleve noko anna, der særleg turnelivet lokkar. Rekruttering av anna fagpersonell til faste stillingar er utfordrande. Teatret har prøvd å få tilsett ein lysdesignar som òg kan arbeide som allsidig teknisk og turnéteknisk, men søknadene har vore få, og kompetansen mangelfull. Denne utfordringa gjeld for andre spesialoppgåver òg, der fagmiljøa er heilt marginale i Førde og Sogn og Fjordane.

Det at vi må hente så mange personar frå Oslo og byar utanfor fylke, gir teatret høge kostnader til reise (ein full pris tur-retur Oslo med Widerøe kostar ca. kr 3 500). Vi må ha alle på ei reise til og frå produksjon, og i kontraktane opererer vi med to til tre frie heimreiser i prøve- og speleperioden. Scenografar, instruktørar og koreografar har krav på full diett i heile prøveperioden, og dei medverkande har krav på diett når dei turnerer.

Dei vi hyrer inn til produksjonane, må dei ha husvære i Førde. Teatret disponerer gratis sju hyblar som ligg rett ved sidan av teatret og eig to leilegheiter som ligg 1,6 km unna. Om det er fleire enn ni med i produksjonen, må dei bu på hotell. På turné ligg alle medverkande og det tekniske mannskapet på hotell, med få unntak då dei kan reise tilbake til Førde etter framsyning. Eit hotelldøgn kostar ca. kr 1 100.

Teatret har ei scene i Førde som er ca. 9 x 9 meter. Vi har ein rigg som er tilpassa denne scena, som igjen dannar yttermåla for dei lokala vi turnerer i. Desse lokala er kulturhus, samfunnshus og idrettshallar. Vi har med amfi og lagar inndekking der det trengs. Ein slik måte å turnere på krev bilkapasitet og nok tekniskarar til å rigge og rive. Dei same tekniskarane arbeider under framsyningane med lys, lyd og anna scenearbeid. Med ein slik scenestorleik og eit slikt krav til mannskap under turné, kan ikkje SoFt vere noko anna enn eit "kammerspel-teater", dvs. at stykka i snitt ikkje kan ha meir enn fire til seks medverkande. Når vi enkelte gongar har meir enn det, er produksjonane svært dyre.

Dei fleste regissørar og scenografar som SoFt bruker, har gjort jobbar over heile Norge. Det er likevel slik at det er få som er vande med å arbeide ved eit turnéteater. Dei har difor ofte problem med å forstå at enkelte regival og scenografiske val kan få store økonomiske konsekvensar. Det kan t.d. gå ut over rigge- og rivetid, som igjen fører til overtid eller brot på kviletid. Dette er ei utfordring som særleg gjeld kommunikasjon mellom leiing, produksjonsleiing, kunstnarisk leiing og dei teknisk tilsette.

Med ei scene som blir brukt til prøver og framsyning før vi reiser på turné, og eitt teknisk mannskap ("eitt skift"), seier det seg sjølv at vi berre kan prøve på ein produksjon i gongen for deretter å gjere han ferdig på turné, før vi kan setje i gang med neste produksjon.

Dei siste åra har SoFt, som andre teater, opplevd ei nedgang i interessa frå pressa når det gjeld teaterkritikk. Kritikken er ei viktig kjelde for å måle kvaliteten på framsyningane, sjølv om eitt og same stykke kan få alt frå god til dårleg kritikk frå ulike meldarar. Om kritikken forsvinn, kan ei løysing vere å hyre faste kritikkarar som melder stykka, både ved SoFt og ved andre teater. Desse kritikkarane kan t.d. vere knytt til

bransjen gjennom Norsk Teater- og Orkesterforening (NTO) og nettstaden scenekunst.no.

Vedlagt rapporten er andre kjelder som kan gi eit meir dekkande bilete av verksemda til SoFt. Det er årsmeldingar frå evalueringsperioden, boka *SoFt 2011 – Eit lite stykke kosmos*, (Apneseth, Oddleiv og Marita Liabø, Skald Forlag, 2012), omtaler og meldingar i aviser, tidsskrift og på nett og teaterprogram (utvalde stykke: dei som har hatt urpremiere i evalueringsperioden).

### **2.3 Teatrets analyse og vurdering av utviklinga**

Kommentaren i 2.2 er dekkande for korleis vi analyserer og vurderer utviklinga på dette området.

### **2.4. Teatrets arbeid for å utvikle ny norsk dramatik**

Dette temaet er òg handsama under punkta 2.1.3 (tal uroppføringar) og 2.7.1 (kva vi vil med teatret, kunstnariske visjonar).

Det er ei lang reise frå ein idé blir fødd til framsyninga møter publikum. Under arbeidet med å finne og å utvikle gode idear for repertoaret har det vore viktig å leite etter a) godt fortalde historier, b) den lokale tilknytninga (t.d. historisk, samtid, politisk, tematisk), c) underhaldningsverdien (vi seier som Brecht: teater skal underhalde) og d) språket.

Utviklinga frå skrivebordet til premieren er ein tett dialog mellom dramatkar, dramaturg, teatersjef og regissør i første fase, før andre kjem til: scenograf, kostymedesignar, lysdesignar, lyddesignar, komponist og skodespelarar. Val av kven som skal fylla desse rollene er ein kritisk faktor. Målet er sjølsagt kvalitet på alle plan.

Vi må ofte kompromisse i dette arbeidet, og det har mange årsaker; dei økonomiske rammene er for tronge til å lage den scenografien instruktøren og scenografen meiner må til for å underbygge konseptet, riggen blir for komplisert (noko som gir for høg tidsbruk i høve til overtid og turnéreiseterminalar m.m.), tal roller må kuttast ned pga. økonomi eller skodespelarane er ikkje dei ein i utgangspunktet kunne ønska seg.

Så kjem premieren. Har vi nådd måla våre? Har den ideen som vart fødd ved eit skrivebord eller i ein samtale blitt den lysande framsyninga vi drøymde om? Nokre kampar er vunne, andre er tapte. Vil publikum like det dei ser? Kva med kritikarane? Er det kunst det vi har laga? Det er ikkje vanskeleg å finne ut kva publikum og kritikarar synst – dei kan berre fortelje oss det, og dei gjer det. Men spørsmålet om kor vidt vi har laga kunst eller ikkje, er vanskeleg å svare på.

Målet vårt er først og fremst å nå fram til publikum, underhalde dei, vekke gjenkjennande kjensler i dei, kanskje gi dei refleksjonar kring viktige tema – og ja, i beste fall gi dei ei kunstopleving.

Store deler av repertoaret er som nemnt mange gonger i rapporten basert på nyskriven dramatik. SoFt har hausta gode røynsler med å fremje nye tekstar, og det er vår oppfatning at det har skaffa oss eit godt og til dels "nytt" publikum i salen. Så tidleg som i 2005 gjennomførte SoFt ein eittårleg dramatkarverkstad for tre allereie etablerte forfattarar, der målet var å få dei til å gi seg i kast med ein ny sjanger: dramatikken. Vi brukte kjende dramatkarar som "fadderar" og røynde teaterfolk som dramaturg og instruktør. I tillegg deltok tre skodespelarar. Verkstaden resulterte i to uroppføringar. Vi vurderer verkstaden som verdifull for deltakarane, og den gav god læring til teatret. Prosjektet var samstundes svært ressurskrevjande sett i forhold til kva teatret fekk att som resultat i produksjonar og publikumsoppslutnad. Vi har ikkje vurdert å

gjennomføre liknande prosjekt igjen, nettopp fordi at vi treng ressursane til kjerneverksemda vår; å lage teaterproduksjonar.

Teatret har med utgangspunkt i fleire "uløyste gåter" i fylket satsa på å få skrive nye stykke med tema som kan ha ein universell verdi, men kanskje det viktigaste er at det skaper gjenkjennande kjensler hos publikum i Sogn og Fjordane. Ved å gjere bruk av gamle historier i ei ny drakt har teatret teke opp ein gamal tradisjon, den munnlege forteljartradisjonen. Vi vidarefører våre eigne kjende historier og myter frå tidlegare generasjonar til nye, men no i ei scenisk form.

Teatret har òg satsa på notidige historier som vedkjem publikum, både med omsyn til fylkets nære fortid og samtidshistorie, og med omsyn til dagleglivet i Sogn og Fjordane (t.d. *Ishuset* av Marit Tusvik, *Du ana'kje* av Aslak Moe og *Simons historie* av Stig Amdam).

SoFt har òg gitt plass til unge kvinnelege dramatikarar som skriv på nynorsk (Maria Tryti Vennerød, Olaug Nilssen og Marita Liabø). I eitt av høva, *Dama i luka* av Maria Tryti Vennerød, vart det kunstnariske resultatet fint, men publikum svikta. Vi kan berre gjette på kva årsaka var, som at det ikkje hadde ein kjent tittel, og at temaet ikkje kjendest relevant nok.

Når teatret satsar så sterkt i denne retninga, betyr det at noko blir valt vekk. Ein vil alltid kunne hevde at SoFt skulle spelt stykke av Jon Fosse, Henrik Ibsen og William Shakespeare, men basert på røynsler gjort då desse dramatikarane stod på plakaten i tidlegare periodar, ser vi at publikum ikkje har vist nemneverdig interesse for desse produksjonane. Kor vidt teatret har vore gode nok til å presentere denne dramatikken på ein interessant nok måte for vår publikum er eit anna spørsmål.

## **2.5 Refleksjon kring forholdet mellom utvikling og fornying og publikumssuksess?**

Teatret trur at den retninga vi har valt har gitt teatret eit godt nivå på tal publikum sett over år. Enkelte stykke har hatt svært lågt publikumstal, men vi trur at det først og fremst har å gjere med at vi ikkje har valt ein medviten strategi for korleis vi skal selje stykka (t.d. selje det til særskilte segment i staden for opne framsyningar). Når vi har presentert nye stykke med ein såkalla regional vri, har det gitt oss eit godt publikum på opne framsyningar. Det er ikkje gitt at vi hadde hatt eit større publikum om vi hadde spelt klassikarar, men vi hadde kanskje hatt eit anna publikum, dei som tradisjonelt går på teater. Alle stykka kan kanskje ikkje kallast kunstnarisk fornyande sjølv om dei er nyskrivne, men meldingane har jamt over vore god.

## **2.6 Eigenevaluering som del av verksemda, òg i styresamanheng.**

SoFt gjennomfører evaluering av kvar produksjon og turné etter at kvar turné er over. Den blir gjort med alle tilsette til stades, men det er få kunstnariske medarbeidarar til stades, sidan dei er reist frå teatret på eit tidlegare tidspunkt. Desse får høve til å melde tilbake til teatret på e-post. Vi bruker ein såkalla pluss-delta-metode, der alle kan kome med tre moment som var bra og tre moment som kunne vore gjort betre. Målet med evalueringa er å lære til neste produksjon.

Styret er ikkje involvert i denne typen evaluering, og det har ikkje vore gjort annan type evaluering i styresamanheng i denne perioden.

Det foregår lite samtale rundt det kunstnariske i organisasjonen. Samtalen om dei kunstnariske vala foregår mellom teatersjef og dramaturg, og involverer det kunstnariske personalet i produksjonsperioden. Teatret hadde eit kunstnarisk råd fram til 2005, men det fungerte ikkje særleg godt og vart lagt ned. Årsaka var først og fremst

at det er få kunstnarisk fast tilsette ved SoFt, og den stadige utskiftinga av frilans scenekunstnarar skapte ikkje det nødvendige rommet for å utvikle eit kunstnarisk råd.

## 2.7 Eigenvurdering av kvalitet.

Det er utfordrande å snakke om kvalitet på det vi gjer utan å setje det inn i den konteksten vi lever i, nemleg Sogn og Fjordane. Fylket er skildra ovanfor i tal innbyggjarar, storleiken på tettstadar og bygdelag, og kva rammer geografien set når teatret er ute på turné. Vel så viktig er det å peike på kven som bur her og kva for tradisjonar og kultur som er rådande. Det er viktig å presisere at dette er synspunkta til teatersjefen, altså ei oppfatning av røyndomen som ikkje treng å vere sann i ordets rette forstand.

For å skildre denne røyndomsoppfatninga, kan vi gå 14 år tilbake i tid, då teatersjefen var informasjonssjef ved SoFt. *Erasmus Montanus* stod på plakaten, men mange blant publikum var frustrerte. Stykket var for tungt for folk flest, sa dei, dei ville heller ha noko å le av. Informasjonssjefen prøvde seg med at *Erasmus Montanus* var ein komedie, men vart møtt med flakkande blikk; dei hadde aldri høyrte om denne Erasmus Montanus. Det vi som jobba med teater måtte forstå, sa dei, var at vi som bur i Sogn og Fjordane har fått redusert talet på ferjeavgangar og arbeidsplassar. Dessutan var posten, butikken og banken vekke, brua vart aldri bygd og ungane måtte reise langt og lenger enn langt for å kome seg på skulen. Dei hadde det alt i alt så trasig, at når teatret kom på besøk, så ville dei ha noko å le av. Dette er ikkje sagt for å redusere innbyggjarane i fylket til eit dumt folkeslag, men det fortel noko om kva mange meiner skal vere oppgåva til eit profesjonelt regionteater i Sogn og Fjordane.

Det er stor skilnad på grunnlaget for etableringa av t.d. Teatret Vårt i Molde og SoFt. Medan Teatret Vårt var kunstnarane sitt teater, det var kunstnarane som reiste til Molde for å etablere sitt teater, med kunstnariske visjonar som dei ville presentere for eit publikum i Møre og Romsdal, vart SoFt etablert med stort påtrykk frå amatørteaterørsla i Sogn og Fjordane. Heilt fram til 1999 hadde Regionteaterrådet ein aksje i SoFt (Regionteaterrådet la seg sjølv ned det året).

Innbyggjarane i Sogn og Fjordane har berre ein mannsalders trening i å møte andre kunst- og kulturinntrykk på heimebane enn det som har vore laga og framført av amatørar. Det var først på 1970-talet at kunstnarsenter, kunstmuseum, distrikts- og fylkesmusikarordningar vart etablert. Seinare har institusjonar som Førde Internasjonale Folkemusikkfestival, Opera Nordfjord og Norsk Countrytreff kome til.

Argumentet om at teater har ein eigenverdi – ut over det å underhalde – har få tilhengjarar i Sogn og Fjordane. Stykka skal ha brei appell, helst med kjende titlar og kjende skodespelarar. Lokale media har lenge gitt til kjenne liknande haldningar. Teater skal vere populært, morosamt, ikkje for seriøst og tungt og vanskeleg. Det skal ikkje vere finkulturelt og elitistisk. Det finst få som stiller spørsmål ved om ein slik tankegong er gunstig for utviklinga av kunst- og kulturlivet i fylket. Som nemnt bur det svært få menneske i Sogn og Fjordane, og dei som har interesse for profesjonell kunst av ein annan type enn den konvensjonelle er få.

Kort tradisjon og eit lite publikum har ført mange utøvande kunstnarar ut av fylket, til stader der vilkåra er betre og nettverka større. Få profesjonelle kunstnarar busette i fylket styrkar framandkjensla overfor nye og ukjende kunstuttrykk. Følgene av situasjonen er m.a. lågt medvit om estetisk utforming av det offentlege rommet.

Ein rapport frå Agderforskning hevda for ikkje mange år sidan at teaterinteressa er svakare i distrikta enn i hovudstadsområdet. I følgje rapporten er 19 % svært eller



ganske interesserte på Vestlandet, medan det same talet er 28 % for Oslo og Akershus. Det bygger opp under påstandane ovanfor, og er heller ikkje overraskande. Det er ikkje enkelt å dyrke ei interesse det er liten tilgang til.

Det er vår oppfatning at publikum i Sogn og Fjordane gjerne vil definere sitt eige kunstsyn, utan å måtte sjå til kva som skjer i t.d. Oslo, Bergen eller utlandet. Før kunstinstusjonane var etablerte her på 70-talet, kom Riksinstitusjonane med teater, konsertar og utstillingar. Det var eit ledd i det kulturelle demokratiet – alle skulle få ta del i kunstopplevingar, uavhengig av kvar ein budde. Vi trur kanskje at innbyggjarane i Sogn og Fjordane er mest interesserte i ei demokratisering av kulturen (og kunsten), i den forstand at dei vil ha større del i både innhald og form – dei vil sjå kunsten gjennom sine auge, sin kontekst. Dette er sjølsagt spekulasjonar, men likevel spekulasjonar som ligg bak sentrale val ved teatret, m.a. val av repertoar- og turnéstrategi.

Denne situasjonsskildringa kan lett bli oppfatta som negativ, og til og med nedlatande. Det er ikkje meininga. Det er heller eit forsøk på ei realitetsorientering. Kvar er vi? Jau, vi er i Sogn og Fjordane, ikkje i Oslo, Bergen eller Berlin. Kva teater kan vi lage for å utfordre folk i fylke, og kor kan vi møte innbyggjarane med engasjement og respekt? Det er med eit slikt bakteppe vi har gjort våre val, kunstnarisk og elles.

### **2.7.1 Kva vi vil med teatret, kunstnariske visjonar og kva som er bestemmande for repertoarprofilen**

Vi har i fleire punkt omtalt kva vi vil med teatret, kva dei kunstnariske visjonane er og kva som er bestemmande for repertoarprofilen. Det må likevel seiast eksplisitt at det som ligg i botnen for alt det vi gjer er kvalitet. Vi ønskjer å oppnå ein så høg kvalitet som muleg på alt vi gjer, innanfor dei rammene som styrer oss. Det inneber at vi vel profesjonelle medarbeidarar på alle fagområde. Det er aldri eit tema å bruke amatørar verken på scena eller i andre profesjonar som t.d. på systova, i lysdesign eller på regi.

Det er vanskeleg å peike på kor vi har lukkast og kor vi ikkje har lukkast i evalueringsperioden. Det seier seg sjølv at teatret ikkje er fornøgde med at publikumstalet stupte til litt over 10 000 i 2010, samstundes som vi var svært fornøgde med at det var over 25 000 året etter. Kunstnarisk har vi stort sett lukkast, med jamt over gode kritikkar. To Heddaprisar for den kunstnariske innsatsen fortel òg at arbeidet vi har gjort er lagt merke til, i alle fall av bransjens eigne folk.

Ein kritisk faktor for kvalitet er det faste personalet, og det er på sin plass å framheve dei fast tilsette ved SoFt når vi snakkar om kvalitet. Tilbakemeldingar frå frilans scenekunstnarar som kjem hit hevdar at dei som er fast tilsette ved SoFt held ein svært høg standard, og at dei set si ære i å gjere eit så godt fagleg arbeid som muleg.

Ein annan kritisk faktor for kvalitet er cast. Med berre ein fast tilsett skodespelar må vi hyre inn dei andre rollene blant dei som er frilans eller dei som jobbar ved andre institusjonar og som får permisjon i ein periode for å jobbe ved SoFt. I produksjonsperioden arbeider og bur dei medverkande tett på kvarandre, og det er avgjerande at dei fungerer godt i lag og er i stand til å løfte kvarandre opp og fram til eit godt kunstnarisk resultat. Sosiale ferdigheiter, disiplin og engasjement er viktige eigenskapar hos kvar enkelt. Om ein skodespelar er misnøgd og ikkje finn seg til rette i ensemblet, kan det få store følgjer for det kunstnariske resultatet. Med yttarst få unntak har vi gode røymsler med dei skodespelarane vi har engasjert, noko som har vore sterkt medverkande til at det kunstnariske resultatet ofte har blitt godt, og at turneane har gått knirkefritt.

### **2.7.2 Kva vi gjer for å oppretthalde og styrke engasjementet i teatret**

Involvering og ansvar er nøkkelord for å oppretthalde og styrke engasjementet ved teatret. Alle tilsette har høve til å vere med på leseprøven, noko som er viktig for å skape eigarskap til produksjonen. Dei fleste teknikarane er med på dei førebuande skisse- og modellmøta. Det er administrasjonsmøte og produksjonsmøte kvar veke, noko som òg involverer alle. Alle dei tilsette har klart definerte arbeidsområde som dei har ansvar for (sveis, suffli, lys, systove, informasjon og marknad, resepsjon, kontraktar, tinging av reiser osv.), noko som òg skaper eigarskap og engasjement.

I 2012 kom boka *SoFt 2011 – eit lite stykke kosmos*, ei bok som m.a. hadde som mål å vise alle sider ved teatret, ikkje berre den vi ser på scena. Boka har styrka engasjementet internt for SoFt som kunstorganisasjon. Ho viser m.a. at alle arbeidsoppgåver er like viktige.

Det er òg slik at repertoaret kan skape engasjement blant dei tilsette. Inntrykket er at fleire av stykka teatret har valt, som har hatt opphav i historier frå regionen, har gitt fleire av dei tilsette ein ekstra driv i arbeidet med produksjonen. Det er òg viktig at vi er i stand til å gi dei tilsette interessante arbeidsoppgåver, og at vi engasjerer interessante scenekunstnarar, slik at dei tilsette får ekstra motivasjon i arbeidet sitt.

SoFt har som nemnt tidlegare berre to kunstnarisk fast tilsette, ein skodespelar og ein musikalsk leiar. Det er ikkje lagt opp til særskilt fagleg påfyll for desse i form av vidare- eller etterutdanning. Det same gjeld for dei andre tilsette. Politikken er derimot at leiinga og dei tilsette kan presentere forslag til kurs o.l., slik at vi saman kan vurdere kompetansetiltaket er relevant og viktig, for teatret og den det gjeld.

### **2.7.3 Kva vi gjer for å oppretthalde og styrke engasjementet utanfor teatret**

Samarbeid med andre institusjonar og frie grupper er omtalt grundig i punkt 1.3. Teatersjefen ser det som ei av sine primære oppgåver å vere ein ambassadør for teatret overfor viktige interessentar i omgivnadene. Det inneber t.d. god kontakt med media, deltaking på ulike konferansar for å tale teatrets sak, god kontakt med det politiske miljøet i vertskommunen Førde og hos den største eigaren Sogn og Fjordane fylkeskommune, deltaking i debattar (over lang tid faste petitar i lokalavisa *Firda*, *Nationen*, *Dag og Tid* og *LNK-avisa*, spreidde debattinnlegg på *Scenekunst.no* og i *BT*, fast skribent på *Kulturbloggen.no* til Sogn og Fjordane fylkeskommune) lokalt, regionalt og nasjonalt, og god kontakt med det kunstnariske miljøet der teatret m.a. rekrutterer frilans scenekunstnarar.

### **2.7.4 Kunstnariske sjangrar og aktivitetar**

Teatret har m.a. eit mål om å presentere eit allsidig repertoar innanfor ulike sjangrar. Vi har difor ikkje definert nokon sjangrar viktigare enn andre. Teatret har med ujamnt mellomrom sett opp stykke som vi vil kalle politisk teater, der vi vil gi uheyrde stemmer ei røyst (rånarar, justismordoffer, mobbeoffer, menneske med spisevegving o.a.). Vi har òg satsa på minst ein musikkteaterproduksjon i året, noko som vanlegvis trekker godt med folk.

Den vesentlege sjangeren, om ein kan bruke eit slikt uttrykk, er utvikling av tekstar med regional vri. Det krev ein bestemt måte å arbeide på, frå idéen blir unnfanga, gjennom arbeid med dramatar og dramaturg, til samansetting av det kunstnariske teamet, til cast og produksjonsplanlegging (sjå omtale av tema i punkt 2.4). Ein slik måte å arbeide på, som naturlegvis skil seg ut frå å setje opp eit stykke som er ferdig og gjerne er blitt spelt fleire gonger, har gitt teatret verdifull kompetanse i metode og planlegging. Sjølv om SoFt er eit lite teater med relativt få ressursar, har det enno

ikkje hendt at vi har måtte skrinlegge nokon av dei prosjekta vi har planlagt å gjennomføre (bank i bordet).

### **2.7.5 Kompetanse på leing, formidling og det kunstnariske**

Den sitjande teatersjefen vart tilsett i sitt første åremål (åremålsperiode: fire år) i 2004. Han er inne i sin tredje og siste periode, som varer ut 2015. Teatersjefen er utdanna lektor, med hovudfag i marknadføring, og med grunnfag norsk og organisasjonspsykologi og leing i fagkrinsen. Han har bakgrunn som lærar, informasjonssjef, kultursjef og banksjef, og har m.a. vore styreleiar ved Sogn og Fjordane kunstnarsenter og Folkeuniversitetet i Sogn og Fjordane. Teatersjefen har ingen formell kunstnarisk kompetanse.

Det er gjort greie for teatersjefens kunstsyn i rapporten, særleg knytt til val av repertoarstrategi og vekt på kvalitet i alle ledd i produksjonane. Den kunstnariske kompetansen ligg i eit mangeårig nært forhold til biletkunst, litteratur og teater, gjennom arbeid med teatertekstar og omsetjingar og at han i over tjue år har sett teater på fleire ulike scener i Norge og i utlandet.

Det er ei svakheit for SoFt at teatersjefen ikkje kan ta over ein produksjon om det skulle vere behov for det. På den andre sida er det ikkje uvanleg at teatersjefar ikkje har regikompetanse. Det finst løysingar i slike høve, t.d. at vi finn ein annan kompetent person som kan ta over.

Då teatersjefen vart tilsett, vart det tilsett ny dramaturg i 25 % stilling. Ho er den nærmaste kunstnariske rådgivaren til teatersjefen, og er tilsett ut teatersjefen sin åremålsperiode. Dramaturgen er utdanna ved Universitetet i Bergen, Universitetet i Århus og ved Hochschule für Musik und darstellende Kunst – Max Reinhardt Seminar. Ho arbeider som frilans instruktør og har gjort om lag ei regioppgåve ved SoFt årleg i evalueringsperioden. Dramaturgen jobbar elles frilans. Ho har vore knytt til produksjonar på mange av teatra i Norge, m.a. med dramatisering. Ved SoFt har ho dramatisert *Oliver Twist* og *Tyl*.

Dramaturgens arbeid er avgjerande for SoFts utvikling dei siste åra. Det skarpe blikket på heile verdikjeda i ein produksjon, frå idé og utvikling av manuskript til produksjonsprosessane og premiereklar framsyning, er heilt avgjerande for det kunstnariske resultatet, særleg fordi teatret dei siste åra har drive eit svært omfattande arbeid med mange nye tekstar.

Økonomidirektøren vart tilsett i 2009. Ho har ein bachelor of business frå University of Newcastle i Australia, med industrial relation og human relation i fagkrinsen. Ho har òg grunnfag i psykologi og dei siste åra har ho teke fag som skatterett og forretningsrett. Før ho kom til teatret arbeidde ho fleire år i to ulike rekneskapsbyrå. Det er eit ønske at økonomidirektøren på sikt får frigjort meir tid til organisasjonsutvikling (m.a. HMT-arbeid og arbeid med god ressursutnytting og effektivitet i produksjonsprosessane), og at arbeidsoppgåver som løn og rekneskap blir gjort av andre.

Produksjonsleiaren starta ved teatret som allsidig tekniskar i 1992. Tidleg på 2000-talet vart han inspisient og gjorde samstundes oppgåver som produksjonsleiar. I 2012 vart han produksjonsleiar i full stilling. Produksjonsleiaren representerer kontinuitet gjennom røynsla si frå teatret i over 20 år. Han kjenner utfordringane til det tekniske mannskapet i produksjon og på turné svært godt. Stillinga som produksjonsleiar er ein nøkkelstilling med tanke på kvalitet og god ressursutnytting. Det er avgjerande at den som har denne stillinga er god til å kommunisere i alle ledd i

organisasjonen, fordi den er bindeleddet mellom den kunstnariske, tekniske og administrative staben.

Sals- og informasjonssjefen vart tilsett i 2005. Ho har ei femårig tverrfagleg høgskuleutdanning i marknadsføring, leiing og PR. Før ho kom til teatret arbeidde ho m.a. ved turistinformasjonen i Oslo. Teatret har sidan sals- og informasjonssjefen vart tilsett ytterlegare profesjonalisert sals- og marknadsarbeidet og arbeidet overfor media. Dei mest synlege resultatane er utvikling av ein einskapleg profil som går att i trykte materiell og på nett, i tillegg til den auka merksemda teatret har fått i media. Sals- og informasjonsavdelinga har i evalueringsperioden hatt berre ein tilsett. Ved andre teater med nokolunde lik storleik er det to eller fleire tilsette som driv med slike arbeidsoppgåver. Pga. den utstrekte turnéverksemda, og at vi spelar berre ein gong på kvar stad, gjer det ekstra utfordrande å selje opne framsyningar. Det har til no ikkje vore kapasitet til å drive oppsøkjande sal til bedrifter o.a. Dette arbeidet har vore lagt til dei lokale arrangørane med meir eller mindre godt resultat. I 2013 er det tilsett ein marknadsrådgivar som m.a. får ansvar for oppsøkjande sal på kvar enkelt spelestad.

Dei andre fast tilsette har ulik fagutdanning og bakgrunn som gjer dei kompetente til å utføre dei arbeidsoppgåvene dei har – alt frå musikalsk ansvarleg og skodespelar til teknisk og administrativt personale.

For å sikre ei løpande utvikling i det kunstnariske arbeidet og annan fagleg kompetanse, hentar SoFt inn frilans scenekunstnarar og medarbeidarar. Det er dyrt, men røynsla vår er at fast tilsette er dyrare. Vi trur òg at vi lettare får den vi vil til å gjere spesifikke arbeidsoppgåver knytt til produksjonane, om vi hentar fagfolk inn i ein periode, og ikkje prøver å tilsette fast.

Kompetansen i styret er ikkje knytt til det kunstnariske arbeidet.

### **2.7.6 Korleis vi gjer eigenarten til teatret synleg**

SoFt presenterer seg til liks med andre teater på nettsider og i ulike andre samanhengar. For å vise at vi er ein levande del av kunst- og kulturlivet i Sogn og Fjordane har vi ved fleire høve vist framsyningar utanfor den tradisjonelle scena, t.d. på ferjer, i kyrkjer og på ein bensinstasjon.

Vi har i lang tid oppnådd å få oppslag i mange ulike media om teaterprosjekta våre, noko som gjer teatret synleg og gir det eit godt omdøme. Eit anna døme er at teatersjefen hausten 2013 skal delta i eit løp gjennom fylket i eit samarbeid med Sogn og Fjordane Idrettskrets, m.a. for å promotere eit stykke teatret skal lage om ein ekstrem løpar som kom frå Fresvik i Sogn. Det at teatret engasjerer seg i lokale historier er i seg sjølv med på å synleggjere eigenarten til teatret.

### **2.7.7 Målgrupper**

SoFt har ikkje gjennomført publikumsundersøkingar som kan fortelje noko om kven som går på teater. Teatret har på den eine sida ingen klart definert målgruppe i den forstand at vi skal spele for ei gitt aldersgruppe, t.d. berre for born, berre for vaksne, eller definert etter andre demografiske eller psykografiske variablar. Sidan vi turnerer i alt frå små bygdelag til større stader som gjerne ikkje har eit folketal på meir enn 5 000 til 7 000 innbyggjarar, må vi satse på eit publikum på tvers av generasjonane.

På den andre sida tenker vi målgrupper i alt sals- og informasjonsarbeid for den enkelte produksjonen. Den grafiske utforminga av salsmateriale er tilpassa dei vi meiner stykket passar best for, som t.d. eldre, born, historieinteresserte, rånarar osb. I stykket om salmediktaren Matias Orheim som vart spelt i kyrkjer, var det t.d. naturleg å vende seg til miljøa kring kyrkjene i fylket.

SoFt har samarbeidsavtaler med kvar lokal arrangør (22 arrangørar i fylket) som definerer kva for ansvar som ligg hos arrangøren og kva for ansvar som ligg hos teatret. Det finst ein marknadsplan og det blir utarbeidd ein detaljert aktivitetsplan for kvar produksjon, som inneheld alt frå dei tradisjonelle verkemidla som annonsar, plakatar, flygeblad, roll ups, nettside med trailer osv. Det er utvikla eit teaterlaug, og fleire bedrifter i fylket er etter kvart blitt medlemmer der. Dei som er medlemmer får ulike fordelar og får direkte informasjon om dei ulike produksjonane. Arbeid med media for å få omtale og kritikk er ein vesentleg del av arbeidet for å skape merksemd kring teatret og framsyningane.

SoFt legg mykje arbeid ned i å skaffe publikum. I tider der det er mykje snakk om publikumsarbeid, er det viktig for oss å vere medvitne om at vi har mellom 10 og 15 % av folketalet i fylket innoom dørene i løpet av året. Desse menneska har alt sett ei framsyning, og dei er kanskje dei viktigaste "kundane" våre. Det er lettare å få fornøgde folk til å bli fornøgde ein gong til, enn å få ein som aldri har opplevd noko til å prøve noko nytt. Vi må difor ta oss godt av det publikummet vi har, og ikkje misse dei av syne fordi vi på død og liv vil prøve å få tak i dei vi ikkje har. Om vi skal jamføre med fotballen, er det lite truleg at klubbane vil ha publikum på tribunen som ikkje er interesserte i fotball, og som berre sit og kjedar seg.

SoFt har skapt debatt ved fleire høve dei siste åra, t.d. om rånekulturen i *Burn baby, burn*, om mobbing i *Du ana'kje* og om ei lokal forsviningssak i *Brenningmysteriet*. Teatret ønskjer å ha ei rolle der det kan setje dagsorden, samstundes som vi ser at det krev god timing sidan prosjekta er planlagde mange år i førevegen. Val av kontroversielle tema, som gjerne er universelle og tidlause, vil likevel nær sagt alltid kunne skape debatt. Vi skal heller ikkje overdrive rolla vår når det gjeld å setje dagsorden, sidan vi er eit 10-15 %-tilbod i ei tid med eit svært fragmentert mediebilete.

### **2.7.8 Korleis ambisjonane heng saman med dei økonomiske, fysiske og tilskotsbrevbestemte rammene for teatret**

Kommentaren under punkt 2.2 er dekkande for dette temaet, der vi m.a. drøftar korleis dei sentrale rammevilkåra påverkar både økonomisk og kunstnarisk resultat.

### **2.7.9 Teatrets betydning og relevans kunstnerisk og i samfunnet**

SoFt er først og fremst eit regionteater. Vi bruker nynorske teatertekstar og spelar på vestnorske eller normerte målfører. Vi trur at vi blir oppfatta som eit seriøst og profesjonelt teater i ein slik samanheng. Val av repertoarprofil har òg ført til at vi hos publikum, og hos andre interessentar som pressa og politikarane, blir oppfatta som relevante. Denne strategien ligg fast ut 2015.

Vi vurderer elles det vi skriv i punkt 2.7.7 som mest dekkande for dette temaet.

### **2.7.10 Andre problemstillingar vi vil ha belyst**

Vi har fleire stader i rapporten peika på ulike problemstillingar knytt til særdraga ved teatret – t.d. utstrekt turneverksemd, avgrensa tilgang på scenekunstnarar, lite publikumsgrunnlag og manglande insentiv for uroppføringar. Når det blir gjort ei så grundig evaluering av kvalitet, forventar vi at kvart enkelt teater blir handsama individuelt på grunnlag av sine særskilte utfordringar når vi drøftar tilskot og innretning i framtida.

### 2.7.11 Arbeid med eigenevalueringa

Etter første møte med ekspertpanelet og tilsette i Kulturdepartementet, har teatersjefen og leiargruppa hatt drøftingar kring ulike tema. Deretter utforma teatersjefen storparten av eit første utkast til rapporten. Økonomidirektøren har bidrege mest med det som handlar om ressursutnytting. I andre fase av arbeidet, etter andre møtet med ekspertpanelet har teatersjefen fekk vi inn nye innspel frå leiargruppa og dramaturgen. Desse innspela har blitt inkorporert i den endelege rapporten som er ført i pennen av teatersjefen.

### 3. Nå heile folket

Det blir her gjort greie for SoFTs resultat for ulike resultatindikatorar som gjeld å nå heile folket i teatrets speleområde.

#### 3.1. Formidle scenekunst til eit breitt publikum

Resultata for ulike indikatorar blir presentert i tabellar, før dei blir kommentert.

##### 3.1.1 Totalt tal publikum

| <u>Årstal</u> | <u>Publikum</u> |
|---------------|-----------------|
| 2008          | 17 987          |
| 2009          | 17 526          |
| 2010          | 10 300          |
| 2011          | 25 287          |
| 2012          | 12 607          |

Talet på publikum svingar frå det svakaste i 2010 med 10 300 til det beste året i perioden i 2011 med 25 287. Talet vil sjølsagt svinge med aktiviteten, t.d. kva type produksjonar vi lagar (sjanger og publikumsappell), kor store turneane er (ein produksjon med krevjande scenografi og rigg blir spelt på færre stader enn ein produksjon med ein lettare scenografi og rigg) og om vi har samarbeidsproduksjonar som gir eit større publikumstal i eit større speleområde.

Det er viktig å peike på at det bur ca. 108 000 innbyggjarar i Sogn og Fjordane. Teatret må måle det årlege publikumsbesøket mot kor mange som bur i fylket. Vi meiner at eit besøk kring rundt 16 000 er godt, sidan det utgjer ca. 15 % av folketalet her. Det er vanskeleg å seie om dette er eit godt nok mål, om det er ambisiøst nok. Årsaka til at vi har valt 15 % som utgangspunkt, er det vi ser at andre teater vi samanliknar oss med (andre regionteater) har over tid hatt eit publikumstal som er mindre enn 15 % fordelt på folketalet i dei regionane dei opererer i.

##### 3.1.2 Tal publikum på billetterte arrangement, med tal fribillettar og billettar til sponsorar

| <u>Årstal</u> | <u>Publikum</u> | <u>Fribillettar</u> | <u>Sponsorbillettar</u> |
|---------------|-----------------|---------------------|-------------------------|
| 2008          | 17 987          | 1 000               | 150                     |
| 2009          | 17 526          | 4 600               | 150                     |
| 2010          | 9 010           | 910                 | 200                     |
| 2011          | 18 751          | 600                 | 100                     |
| 2012          | 9 792           | 1 354               |                         |

I starten av evalueringsperioden vart publikum på billetterte arrangement rapportert annleis enn mot slutten av perioden. Grunnen er at det har vore ulikt syn på kva som ligg

i omgrepet "billetterte arrangement". I starten vart dette rapportert som all aktivitet ved teatret, og difor er talet identisk med "totalt publikumstal" (sjå punkt 3.1.1). All aktivitet ved SoFt har i heile perioden hatt ei eller anna form for billettering, anten i form av at publikum må kjøpe ein billett til ei opa framsyning eller å melde seg på ei lukka framsyning, gratis eller ei. Vi praktiserer ikkje fritt oppmøte slik ein ofte kan sjå på t.d. gratis utekonsertar. Frå 2010 har "billetterte arrangement blitt rapportert som all aktivitet som publikum må betale for å oppleve, anten i form av å kjøpe ein billett til ei opa framsyning, eller å få ein faktura i etterkant (t.d. sal til skular og barnehagar). Fribillettar og sponsorbillettar er definert som gratis tilgang til billetterte arrangement. Publikum på produksjonar som blir turnert gratis i skulen blir no tekne ut av statistikken for "publikum billetterte arrangement", men er sjølsagt med under "totalt publikumstal".

2009 utmerkar seg likevel i denne tabellen. Dette året hadde teatret 4 600 fribillettar (eller 4 600 på gratisarrangement om ein vil). Det kjem av at teatret spelte tre framsyningar for dei eldste elevane i grunnskulen og i den vidaregåande skulen (*Kulde* av Lars Norén, *Simons historie* av Stig Amdam og *Lindetreets løyndom* av Conor McPherson) utanom DKS. Som nemnt i punkt 1.1.8 har teatret ikkje noko val i ein slik situasjon.

Å spele desse framsyningane som opne billetterte arrangement var aldri noko alternativ sett ut frå målgruppa og publikumsgrunnlaget på dei ulike spelestadane. To av stykka er tematisk knytt til rasistisk motivert vald/drap og psykiske plager etter å ha vore FN-soldat i utlandet, stykka er utan kjende titlar og det er ingen "kjendis" på scena som trekkjer publikum. Den gruppa vi ønskte å nå, ungdommen, er svært krevjande å nå gjennom ordinært billettkjøp.

Dei andre åra har det vi vil kalle ei normal fordeling av selde billettar, fribillettar og sponsorbillettar. Fribillettar er stort sett gitt til prøvepublikum i Førde. Vi opererer med ei prøveframsyning og ein generalprøve (som delvis ligg ute for sal til redusert pris) før kvar premieren, der det òg er ein del inviterte gjester, presse o.a. som får fribillettar. Det er ein del av marknadsarbeidet å bruke fribillettar før premiere og turné. Vi vil at dei som ser prøveframsyningane skal snakke om det dei har sett til andre.

Vi har hatt relativt få sponsorbillettar fordi vi har få sponsorar. Teatret har hatt tre sponsorar dei siste åra, ein sparebank, eit hotell og ei avis. I det første tilfellet har avtalen utgjort kr 50 000 i året, i dei to siste tilfella har ytingane vore knytt til tenester som gode avtaler for overnatting og annonsering (barter-avtaler). I år har vi ikkje lenger banken som sponsor, men samarbeider frå produksjon til produksjon, og ser om vi har felles interesser. Vi gjer liknande avtaler med hotellet og avisa.

I dag har vi altså ingen sponsor i ordets rette forstand, og det er teatersjefens oppfatning at det er for krevjande å inngå ein sponsoravtale av verdi for begge partar, ut frå kva summar ein opererer med i kultursponsormarknaden i Sogn og Fjordane og kva sponsoren ventar å få att. Det finst få store konsern i fylket som ser ut til å ville sponse ein institusjon som er kraftig finansiert frå stat, fylke og kommune. Teatret har svært få faste kunstnarisk tilsette, og kan difor stort sett berre yte billettar til framsyningar og andre mindre tenester (utlån av kostyme, deltaking i ein jury o.l.). Det er difor truleg at dette talet vil bli mindre, og kanskje lik null dei komande åra.

### 3.1.3 Tal publikum på eiga scene

| <u>Årstal</u> | <u>Publikum på eiga scene</u> |
|---------------|-------------------------------|
| 2008          | 2 627                         |
| 2009          | 2 286                         |
| 2010          | 1 000                         |
| 2011          | 2 289                         |
| 2012          | 1 893                         |

Denne tabellen speglar tabellen under 1.1.2. Sidan vi turnerer så mykje som vi gjer, er storparten av samla publikum frå turnéframsyningane. Det er muleg å stille spørsmål om vi kan få meir publikum ved å spele meir i Førde og mindre på turné, eller å spele meir på dei store stadane og mindre på dei små, og på den måten oppnå eit større publikum.

Tala i tabellen her tyder ikkje på det. Samla publikum i Førde desse seks åra utgjer ca. 13 % av det totale publikummet, noko som samsvarar med kor stor del av dei samla framsyningane som blir spelt i Førde (ca. 12,5 %, sjå 1.1.2 og 1.1.3).

### 3.1.4 Tal publikum på turnéframsyningar i Norge

| <u>Årstal</u> | <u>Publikum på turné</u> |
|---------------|--------------------------|
| 2008          | 15 360                   |
| 2009          | 15 345                   |
| 2010          | 9 300                    |
| 2011          | 22 998                   |
| 2012          | 10 714                   |

Denne tabellen speglar tabellen under 1.1.3. Det er vårt inntrykk at talet publikum i absolutte tal er vel så høgt på små stader som det er på dei større stadane i fylket. Teatret er med andre ord avhengig av å drive utstrekt turnéverksemd, der vi òg besøker stader med eit lite folketal (mange av kommunane i fylket har 3 000 innbyggjarar eller færre) for å halde på og utvikle eit samla publikum av ein viss storleik.

### 3.1.5 Tal publikum i utlandet

SoFt har ikkje hatt framsyningar i utlandet i evalueringsperioden.

### 3.1.6 Tal publikum på egne produksjonar

| <u>Årstal</u> | <u>Publikum eigenproduksjonar</u> |
|---------------|-----------------------------------|
| 2008          | 9 358                             |
| 2009          | 16 301                            |
| 2010          | 10 000                            |
| 2011          | 19 681                            |
| 2012          | 6 749                             |

2011 merkar seg ut i denne tabellen. SoFts samarbeid med Hordaland Teater (HoT) innebar at SoFt produserte og turnerte *Få meg på for faen* av Olaug Nilssen i Sogn og Fjordane og Hordaland, medan HoT gjorde det same med *Delfinen* av Gunilla Linn Persson. Vi definerer førstnemnde som eigenproduksjon og sistnemnde som gjestespel.

Teatersjefen oppfattar det som uklart kor grensene går mellom gjestespel og samarbeid, noko som gir seg utslag i ulik rapportering frå eit år til eit anna. Drøfting av omgrepet samarbeid er gjort grundigare under punkt 1.3.



### 3.1.7 Tal publikum på mottekne gjestespel

| Årstal | Publikum mottekne gjestespel |
|--------|------------------------------|
| 2008   | 725                          |
| 2009   | 1 225                        |
| 2010   | 300                          |
| 2011   | 5 606                        |
| 2012   | 2 425                        |

Sjå kommentaren under punkt 3.1.6.

### 3.1.8 Tal publikum i Den kulturelle skulesekken (DKS) - grunnskulen

Dette tema er handsama under punkt 1.1.7.

### 3.1.9 Tal publikum i Den kulturelle skulesekken (DKS) – vidaregåande skule

Dette tema er handsama under punkt 1.1.8.

### 3.1.10 Tal produksjonar og framsyningar retta mot born og unge og tal publikum på desse

| Årstal | Publikum | Produksjonar | Framsyningar |
|--------|----------|--------------|--------------|
| 2007   | 7 287    | 6            | 97           |
| 2008   | 8 253    | 7            | 131          |
| 2009   | 12 037   | 5            | 135          |
| 2010   | 1 090    | 5            | 45           |
| 2011   | 15 753   | 5            | 211          |
| 2012   | 6 068    | 4            | 91           |

Teatret har kvart år produksjonar og framsyningar som passar for born og unge. I evalueringsperioden har teatret, når det har sett opp stykke som høver for denne gruppa, satsa mest på dei største borna i grunnskulen og ungdom i alderen til og med vidaregåande skule.

Verken vedtektene, tilskotsbrevet eller forventningsbrevet uttrykker eksplisitt at teatret skal lage teater for born og unge. Likevel har vi inntrykk av at det frå politisk hald blir gitt signal om at institusjonsteatra skal satse særskilt på denne publikumsgruppa.

SoFt har ikkje nedfelt i sin repertoarstrategi at det skal lage teater for born og unge, men tabellen ovanfor viser at i snitt høver godt over halvdel av produksjonane for eit ungt publikum, noko som imøtekjem dei opplevde forventningane på dette feltet.

### 3.1.11 Tilbod til særskilte grupper

SoFt har ikkje hatt tilbod til særskilte grupper. Teatret spelar framsyningane til innbyggjarane i Sogn og Fjordane, i samsvar med vedtektene, men rettar marknadsføringa mot dei publikumsgruppene som produksjonen kan synast mest relevant for (sjå elles punkt 2.7.7).

SoFt skal i tråd med retningsliner for universell utforming vere tilgjengeleg for alle. Det blir gjort tolking for høyrslhemma og døve når vi blir bedne om det. Teatret krev at alle spellokale på turné skal ha teleslynganeanlegg som verkar. Det er eit mål at det blir skaffa mobilt teleslynganeanlegg til bruk på turné innan utgangen av 2014.

Teatersjefen har òg møtt Blindeforbundet i Sogn og Fjordane, som etter å ha sett framsyninga om Matias Orheim i 2010, vart meir interesserte i å kome på

framsyningane våre. Blindeforbundet er ein av organisasjonane i fylket som blir følgt opp med informasjon om framtidige produksjonar.

Som nemnt må teatret turnere over heile fylket for å få publikum, det rekk ikkje å spele mest på eiga scene i Førde, eller å reise til dei stadane som har størst folketal. Det gjer at segmentering blir krevjande, fordi det finst få innanfor tradisjonelt homogene grupper delt inn etter demografiske variablar (kjønn, alder, yrke osv.). Fordelen er at vi turnerer i små lokalsamfunn der alle har ei tilhøyrsl. Det gjer at vi oppnår å få publikum som i større byar kanskje ikkje ville oppsøkt teatret.

### **3.2 Andre indikatorar som kan gi eit meir dekkande bilete**

Indikatorane ovanfor viser kor mange som ser framsyningane, fordelt m.a. på barn og unge, og andre m.m. Tala seier likevel lite om måloppnåinga er god, middels eller dårleg. Kva betyr det at teatret har 25 287 tilskodarar i 2011, medan talet er 10 300 i 2010? Det er klart at talet i 2011 er godt, samanlikna med 2010, men er det dermed sagt at talet i 2010 er svakt. Folketalet i Sogn og Fjordane er som nemnt ca. 108 000. Dvs. at teatret hadde ca. 10 % av fylkets folketal som tilskodarar i 2010, mot ca. 25 % i 2011. Er det godt eller dårleg, samanlikna med teaterbesøk i andre fylke, i andre land? Er det godt eller dårleg ut frå forventningane til teaterfolk, skattebetalarane, pressa og politikarane?

Resultata frå ei publikumsundersøking vil kunne gi eit meir dekkande bilete av i kva grad vi når måla våre her.

### **3.3 Teatrets analyse og vurdering av utviklinga**

Kommentarane i punkta ovanfor i dette kapitlet er dekkande for vår analyse av utviklinga i evalueringsperioden. Vår vurdering er at vi står overfor store utfordringar dei neste åra, både pga. folketalnedgang mange stader rundt om i fylket, og pga. ei rivande utvikling innanfor media og kunst- og kulturkonsum.

### **3.4. Publikumsundersøkingar som kan kaste lys over måloppnåinga**

SoFt har ikkje gjennomført publikumsundersøking i evalueringsperioden.

## **4. Større mangfold**

Det blir her gjort greie for korleis SoFt arbeider med mangfald, inkludering og likestilling.

### **4.1 Kva mangfald og inkludering betyr for SoFt**

SoFt ønskjer å ha ein medviten personalpolitikk som motverkar utstøying av menneske frå andre kulturar enn den tradisjonelt norske. Vi ser det derimot som utfordrande om desse omgrepa skal inn i repertoar og publikumsarbeid ved SoFt. Vi trur det kan føre til stigmatisering. I følgje Statistisk Sentralbyrå bur det ca. 3 000 menneske med minoritetsbakgrunn i Sogn og Fjordane. Dei er spreidde over heile fylket og mange av dei flyttar når dei har fått asyl. SoFt kan ikkje ha ein eigen strategi for å få desse til å gå på teater.

Slik vi les tilskotsbrevet, er kravet om inkludering og mangfald særleg skrive med tanke på "menneske med minoritetsbakgrunn". SoFt er nøyde til å ha eit anna perspektiv her. Vi turnerer til små og større stader i eit fylke med lågt folketal. Det gjer at vi prøver å nå "alle" som bur på dei ulike stadane, og enkelte gongar prøver vi å nå publikum som er særskilt interesserte i ulike tema (t.d. born, unge, eldre, folk som liker musikkteater, religiøse, rånarar, historieinteresserte og språkinteresserte). I begge høva

driv teatret med inkludering, faktisk av heile småby- og bygdesamfunn. Det vil vi halde fram med i det vidare arbeidet for å nå flest mogleg.

Styret har ikkje drøfta dette temaet.

#### 4.2 Strategiar, planar og tiltak for inkludering og større mangfald

SoFt har som nemnt ingen strategiar, planar og tiltak for inkludering og større mangfald utover det som er nemnt andre stader i rapporten.

#### 4.3 Kjønnbalanse fordelt på årsverk

| <u>Årstal</u> | <u>Kvinner</u> | <u>Menn</u> |
|---------------|----------------|-------------|
| 2008          | 9,4            | 13          |
| 2009          | 11,5           | 12,8        |
| 2010          | 10,3           | 13          |
| 2011          | 12             | 12,4        |
| 2012          | 10,7           | 15,6        |

Tabellen viser at kjønnbalansen varierer frå år til år. Det er stort sett ein balanse i forholdet til og med 2011, med ei lita overvekt mannlege tilsette. I 2012 er det ei klar overvekt av mannlege tilsette ved SoFt. Ei årsak til at menn er i overvekt er at over halvparten av dei fast tilsette tilhøyrrer den tekniske staben, der det er klar overvekt av menn. I 2012 vart det òg engasjert relativt fleire mannlege enn kvinnelege frilansarar. SoFt har eit medvite forhold til likestilling, og det ligg ingen tendens i at 2012 utmerkar seg i denne retninga.

Om vi ser på kjønnbalansen blant dei kunstnarisk tilsette får vi denne tabellen:

| <u>Årstal</u> | <u>Kvinner</u> | <u>Menn</u> |
|---------------|----------------|-------------|
| 2008          | 3              | 5           |
| 2009          | 2,5            | 4,8         |
| 2010          | 3,7            | 5           |
| 2011          | 5              | 5,2         |
| 2012          | 4,4            | 6,1         |

Det er ei overvekt av menn blant kunstnarisk tilsette òg, men om vi korrigerer for at dei to fast tilsette kunstnarane er menn, ser vi at teatret engasjerer nokolunde like mange av kvart kjønn til dei kunstnariske oppgåvene.

### 5. Effektiv ressursutnytting

Det blir her gjort greie for korleis SoFt arbeider for å utnytte ressursane best mogleg.

#### 5.1 Sikre god økonomistyring og ressursutnytting

Tabellen nedanfor, som viser fordeling av årsverk på administrativt, teknisk og kunstnarisk personale gir ein peikepinn på korleis ressursane blir brukt.

| <u>Årstal</u> | <u>Adm</u> | <u>Teknisk</u> | <u>Kunstnarisk</u> | <u>Samla årsverk</u> |
|---------------|------------|----------------|--------------------|----------------------|
| 2008          | 5 (21,7 %) | 9,1 (39,6 %)   | 8,9 (38,7 %)       | 23,0 (100 %)         |
| 2009          | 5 (23,1 %) | 9,0 (41,7 %)   | 7,6 (35,2 %)       | 21,6 (100 %)         |
| 2010          | 5 (21,3 %) | 9,7 (41,5 %)   | 8,7 (37,2 %)       | 23,4 (100 %)         |
| 2011          | 5 (20,4 %) | 8,9 (36,3 %)   | 10,6 (43,3 %)      | 24,5 (100 %)         |
| 2012          | 5 (19,0 %) | 10,5 (39,9 %)  | 10,8 (41,1 %)      | 26,3 (100 %)         |

Tabellen viser at SoFt fordeler lønsmidlane på ca. 20 % administrasjon, ca. 40 % teknisk mannskap og ca. 40 % kunstnarisk personale. Denne fordelinga har halde seg stabil i femårsperioden, med ein liten nedgang i bruk av ressursar på administrasjon og teknikk og ein liten oppgang i bruk av ressursar på kunstnarisk personale dei siste to åra. Ved inngangen til 2013 har teatret tilsett ein marknadsrådgivar, noko som vil føre til at ressursbruken i administrasjonen vil gå opp.

Det er vanskeleg å seie om denne fordelinga er god, middels god eller dårleg i høve til effektiv ressursutnytting og kvaliteten på produksjonane til SoFt. På den andre sida trur vi at det er viktig at storparten av ressursane bør gå til det kunstnariske arbeidet (som òg inkluderer ressursar brukt til teknisk arbeid). Tabellen gir ein indikasjon om at SoFt i alle fall ikkje er overadministrert.

At bruken av ressursar på teknisk mannskap er omtrent like stor som for kunstnarisk personale, heng først og fremst saman med den omfattande turnéverksemda til SoFt. Om teatret hadde spelt på ei fast scene eller hadde turnert på ein annan måte (med færre framsyningar, med mindre krevjande framsyningar), ville ressursbruken på dette området gått ned.

Teatret har berre ein fast tilsett skodespelar. Det er vår oppfatning at vi utnyttar ressursane ved å hyre inn skodespelarar til kvar produksjon i staden for å tilsette skodespelarar i faste stillingar, skodespelarar som i deler av året vil gå utan konkrete rolleoppgåver.

## **5.2 Systematisk eigenevaluering av resultat og måloppnåing i samsvar med strategiplan**

SoFt har ingen strategiplan for effektiv ressursutnytting og god økonomistyring. Det nærmaste teatret kjem ei systematisk eigenevaluering av resultat og mål er når leiinga utarbeider budsjett. Dei mest sentrale i budsjettprosessen er økonomidirektøren, teatersjefen og produksjonsleiaren. Sals- og informasjonssjefen deltek i deler av prosessen. I møta der budsjettet blir lagt, blir kvar enkelt produksjon planlagt i detalj, og mulege innsparingar blir drøfta for kvar budsjettpost. Målet er å sikre ei best muleg felles forståing for den enkelte produksjonen, og å skape god kunnskap om og eigarskap til budsjettet som styringsreiskap.

Alternative og meir ressurseffektive produksjonsmåtar blir drøfta etter kvart som ulike problemstillingar dukkar opp, t.d. om bruk av ulikt teknisk utstyr som kan gi gevinstar i rigge- og rivetid, tal teknikarar som må vere med på turné eller bruk av ulike typar materiale som kan gi ulik vekt. Desse samtalene føregår altså på ulike nivå i organisasjonen og til ulike tider – men det er òg naturlege tema på administrasjonsmøta som teatret har ein gong i veka.

Tidleg planlegging av produksjonane er viktig for å få plass kunstnarisk personale, legge turnéruter m.m. Det er òg viktig for å få innspel frå alle faggruppene, slik at dei kan gi tilbakemelding om kva som er muleg og ikkje muleg, og for å skape eigarskap i heile organisasjonen. Ved utgangen av 2012 var den gjennomsnittlege ansienniteten blant dei fast tilsette 13 år. Det er på den eine sida ein styrke for teatret. Det fortel oss at dei tilsette trivst og at kunnskapen om teaterproduksjon er stor. På den andre sida fortel det oss at vi har lite nyrekruttering som kan gi viktige impulsar til ein kunstorganisasjon, og at vi har ein arbeidsstokk med ein høg snittalder som gir oss utfordringar når arbeidsoppgåvene er fysisk krevjande, noko dei m.a. er på turné.

Dei siste åra har vi særleg sett søkjelyset på korleis vi best bemannar produksjonane og turneane og korleis vi avviklar avspasering og ferie. Målet er å få betre kontroll over tidsbruken sidan overtid er ein av dei store kostnadsdrivarane. SoFt

har same tekniske mannskap (berre "eitt skift") i produksjon som på turné, noko som gjer det krevjande å planlegge førebunde arbeid til neste produksjon samstundes som ein turné er ute på vegen. Det er difor viktig at instruktørar, scenografar og lysdesignarar forstår kva det vil seie å produsere for turné.

Alle innføringar av ressurseffektive produksjonsmåtar påverkar det kunstnariske resultatet, noko alle er innforstått med. Vi må ha rammer å styre etter om vi skal klare å gjennomføre det vi har planlagt. Vi må altså seie at kvaliteten blir så god som han kan bli ut frå dei rammene vi har.

Teatret har i evalueringsperioden opparbeidd ein god eigenkapital. 31.12.2011 var en på kr 3 623 000. Rekneskapan for 2012 er ikkje revidert, men i skrivande stund ser det ut til at teatret vil ha eit underskot på kr 2 206 232. Det fører til at eigenkapitalen blir redusert til i overkant av 1,4 mill. kroner.

SoFt har valt å berre ha ein fast tilsett skodespelar. Det er eit medvite val. Vi trur at det er best, både økonomisk og kunstnarisk, for eit teater av vår storleik å ikkje ha fast ensemble. Det gir stor fridom i casting, og vi unngår at skodespelarar går utan arbeidsoppgåver store deler av året.

Teatret har etter eit stort underskot i 2005, der det tapte heile eigenkapitalen, gjort ei rekke tiltak for å sikre god økonomistyring og så god utnytting av ressursane som mogleg. Vi har inga systematisk målstyring ved SoFt, og kan i dag difor ikkje seie noko om kor vidt tiltaka har påverka dei økonomiske (og kunstnariske) resultatata. Det er vårt inntrykk at vi har ei betre utnytting av ressursane og større kontroll over økonomien i dag, enn den var i starten av evalueringsperioden.

Tiltaka vi har sett i verk er vist i kulepunkta nedanfor.

- Samarbeid med andre institusjonar og frie grupper (sjå omtale av samarbeid ovanfor).
- Færre fast tilsette eller årsengasjerte skodespelarar, meir bruk av frilans skodespelarar.
- Møte i faste intervall som skal sikre betre kommunikasjon (rammemøte, skissemøte, modellmøte, produksjonsmøte, administrasjonsmøte).
- Ein person som berre konsentrerer seg om rolla som produksjonsleiar.
- Utnemning av arbeidsleiar i teknisk stab som rapporterer direkte til produksjonsleiar.
- Betre kontroll av føring av timelister.
- Betre planlegging mellom teatersjef og produksjonleiar med omsyn til logistikk i og mellom produksjonane.
- Arbeid for å redusere overtid som t.d. detaljerte turnéplanar, rutinar for avspasering og ferieavvikling.
- Gjennomgang av lokal avtale for køyring under turné.
- Gjennomgang av lokal avtale om ikkje tariffesta fridagar.
- Reduksjon av pausar som akkumulert gir tap av arbeidstid og som dermed skaper overtid.
- Strengare kontroll ved betaling av fakturaer (mot budsjett og gjennom kontrasigtering).
- Tidleg tinging av reiser til frilans tilsette og andre.
- Reduksjon av tal turnéframsyningar.
- Sterkare oppfølging og krav til regissørar, scenografar, kostymedesignarar og lysdesignarar, for å skape større medvit om at SoFt er eit turnéteater. Klare rammer for storleik på scenografi, kostyme og lys.
- Sterkare involvering av alle tilsette.

### **5.3 God forvaltning av bygningsmasse og teknisk utstyr**

SoFt leiger teatersal, verkstader og kontor av Førde kommune. Desse er lokalisert i kommunen sitt kulturhus, Førdehuset. I tillegg disponerer teatret Gamle Prestegarden, som har sju hyblar til engasjert personale. Bygningen er eigd av Førde kommune, men teatret kostar vedlikehaldet. Teatret eig to leilegheiter som òg blir brukt til engasjert personale, i tillegg til to lastebilar, ein varebil og ein hengar som blir brukt til turné. Ved behov for meir transport leiger teatret bilar. SoFt eig reiskapar og maskiner på verkstadene. Vår vurdering er at dei egedelane er i god stand.

### **5.4 Breitt og systematisk samarbeid mellom institusjonar**

Dette temaet er handsama grundig under punkt 1.3.